

SULDAL KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: torsdag 15. september 2016
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus, formannskapssalen

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977, e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sakene 16 og 17

Sakliste:

15/16 Godkjenning av protokoll 26.04.16

16/16 Referat- og orienteringssaker 15.09.16

17/16 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Legetenesta»

18/16 Plan for selskapskontroll 2016-2019

19/16 Revisor si egenerklæring 2016

20/16 Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Pleie og omsorg»

21/16 Kontroll og tilsyn – budsjett for 2017 – utvalet sitt framlegg

Ymse

Aksdal, 08.09.16

Vanja Ignjatic (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordfører (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sakene 16 og 17)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	15.09.16	15/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26.04.16

Vedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøte 26.04.16

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 26.04.16 ligg ved saka til godkjenning. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 26.04.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 08.09.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 26. april 2016 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Vanja Ignjatic.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 13.50 inkl. pause
MØTANDE MEDLEMMER:	Vanja Ignjatic (H), Eldbjørg Sivertsen (Krf), Tormod Skeie (SV), Heine Mo Willig (SV) og Otto Underbakke (H)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Tore Kristensen - Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Ass. rådmann Dagfinn Helland og rådgevar Kåre Sirevaag i sak 11, leiar sevicetorget Turid Våge orienterte om nettbrett og nettbruk før pausen
ANDRE SOM MØTTE:	Elverksjef Tor Bjarne Smedsrud og økonomisjef Aslak Moe i sak 12
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 10/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL 25.02.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.02.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 26.04.16 :

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.04.16:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.02.16 blir godkjent slik han ligg føre .

SAK 11/16 SULDAL KOMMUNE – UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2015

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2015 slik den ligg føre / med desse endringane / tillegga.....

Handsaming i kontrollutvalet 26.04.16:

Rådgjevar Kåre Sirevaag orienterte om rekneskapen. Han gjorde greie for hovudtala i rekneskapsskjema 1 A og B, og 2 A og B. Investeringsrekneskapet var gjort opp i balanse.

Pensjonskostnadene blir gjort opp kvart år. Ass. rådmann Dagfinn Helland gjorde mellom anna greie for at det var god budsjett disiplin i avdelingane, om overskotet i rekneskapen og det som var budsjettert.

Revisor opplyste at det var avlagt rein revisjonsmelding. I årsoppgjersnotatet var det forhold knytte til betring og effektivisering av drifta som dei hadde peika på, og som utvalet ikkje har plikt til å følgja opp. Medlemmene fekk svar på spørsmål undervegs, og slutta seg til uttalen slik den var lagd fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.04.16 og innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2015 slik den ligg føre:

Kontrollutvalet si uttale:

Suldal kommune sin årsrekneskap for 2015 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 18,7 millionar kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 39,8 millionar kroner, og at delar av dette er nytta til avsettingar.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2015 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.15.

Ut over dette har kontrollutvalet ingen andre merknader til Suldal kommune sin rekneskap anna enn det som går fram av revisor sitt årsoppgjersnotat og revisjonsmeldinga.

SAK 12/16 SULDAL ELVERK KF – UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2015

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til særrekneskapen til Suldal KF 2015 slik den ligg føre / med desse endringane / tillegga.....

Handsaming i kontrollutvalet 26.04.16:

Elverksjef Smedsrud gjorde greie for rekneskapen. Han orienterte om det økonomiske resultatet, nøkkeltal, pensjonskostnader, straumprisar, kilekostnader, utviklinga innan breiband, mm. Vidare gjorde han greie for nedskriving av verdiane av varelageret og aksjar i Ørsta Kraft. Det hadde også i år vore vanskeleg å telja/verdisetja varelageret.

Revisor opplyste at det var avlagt rein revisjonsmelding. Også her var det i årsoppgjersnotatet omtala forhold knytte til betring og effektivisering av drifta, og som utvalet ikkje har plikt til å følgja opp. Medlemmene fekk svar på spørsmål undervegs, og slutta seg til uttalen slik den var lagd fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.04.16 og innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet i Suldal vedtek uttale til særreknescapen til Suldal KF 2015 slik den ligg føre:

Kontrollutvalet si uttale:

Kontrollutvalet har merka seg at Suldal Elverk KF sin rekneskap for 2015 viser eit årsresultat på 9,7 mill. kr.

Under tilvising til utvalet si eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsreknescapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av føretaket sin verksemd for 2015 og for føretaket si økonomiske stode pr. 31.12.15.

Kontrollutvalet i Suldal har ingen merknader til Suldal Elverk sin særreknescap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsnotat og revisjonsmeldinga.

SAK 13/16 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016 - 2020

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre/med desse endringane/tillegg og med evt. følgjande prioriteringar:

1.
2.
3. osv.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen i planperioden ved behov.

Handsaming i kontrollutvalet 26.04.16:

Leiar innleia. Revisor gjorde kort greie for framlegget til plan. Område for forvaltningsrevisjon var delt opp i to grupper: 1 prioritert og 2. prioritert utan intern prioritering.

Tormod Skeie peika på at utvalet i førre møtet hadde bedt revisor prioritere kvart enkelt område og med ei grunngjeving for kvar prioritering. I framlegget til plan var ikkje dette blitt gjort slik utvalet hadde uttrykt ønskje om.

Alle medlemmene gjorde greie for sine prioriteringar, utifrå dei 21 område som revisor hadde lagd fram. Utvalet blei samd om at dei berre ville ha ei prioriteringsliste, og at den skulle innehalde 10 område. Områda 1 – 6 skulle vere i prioritert rekkefølge og dei andre i uprioritert. Medlemmene drøfta områda og blei samde om ei prioriteringsliste.

Utvalet var samd om at framlegget til plan frå revisor ikkje skulle oppdaterast med utvalet sine prioriteringar. Framlegget blir sendt til kommunestyret i si opphavlege form saman med innstillinga frå utvalet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.04.16 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre vedtek Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2019 slik den ligg føre og med slike endringar i prioritering som går fram av opplistinga:

1. *Pleie og omsorg*
2. *Innsparing, effektivisering og forenkling*
3. *Oppfølging av politiske vedtak*
4. *Klima og miljøplan*
5. *Skule- tilpassa opplæring og spesialundervisning*
6. *Sosiale tenester/NAV*

og med følgjande uprioriterte område:

- *Barnevern*
- *Legevakt*
- *Busetting og integrering av flyktningar*
- *IKT*

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen i planperioden. Kommunestyret vil ha melding om slike eventuelle endringar.

SAK 14/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 26.04.16

15. Statusoversikt pr. april 2016
16. Representantskapsmøte 25.04.16 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
17. Representantskapsmøte 26.04.16 - Ryfylke Miljøverk IKS
18. Representantskapsmøte 27.04.16 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
19. Representantskapsmøte 29.04.16 – Haugaland Vekst IKS
20. Representantskapsmøte 23.05.16 – Krisesenter Vest IKS
21. Årsmøte 03.06.16 - Ryfylke IKS
22. Kommunelovutvalget har overlevert forslag til ny kommunelov – NKRF nytt 10.03.16
23. Høring – NOU 2016:4 Ny kommunelov

Handsaming i kontrollutvalet 26.04.16:

Leiar gjorde kort greie for referatsakene. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.04.16:

Referatsakene 15 - 23 blir tatt til orientering.

YMSE

Endring av møtedato:

Etter framlegg frå leiar vedtok utvalet å endra møtedato for neste møte frå 08.09.16 til torsdag 15.09.16.

Viltnemnda

Tormod Skeie gjorde framlegg om at utvalet skulle få ei orientering i neste møte om korleis viltnemnda sine oppgåver no blei følgt opp. Viltnemnda er som kjent blitt nedlagt og oppgåvene lagt til LMT-utvalet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.04.16:

Suldal kontrollutval ber rådmannen gjere greie for noverande ordning for Viltnemnda sine tidligare oppgåver og erfaringane så langt i neste møte 15.09.16.

Tinging av nytt prosjektmandat – «Pleie- og omsorg»

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.04.16:

Under føresetnad om at kommunestyret vedtek Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 vil kontrollutvalet be Rogaland Revisjon utarbeida framlegg til mandat for revisjon innan området «Pleie og omsorg». Mandatet vert lagt fram til drøfting/vedtak i fyrste møte i kontrollutvalet over sommaren.

Neste møte: torsdag 15.09.16, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 26.04.16

Vanja Ignjatic
Leiar


Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	15.09.16	16/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.09.16

- 24. Viltnemda – orientering frå rådmannen
- 25. Statusoversikt pr. september 2016
- 26. «Om sak i Ulla Førre Næringsfond» – brev frå Arve Aarhus av 23.06.16
- 27. Førebels svarbrev til Arve Aarhus av 28.06.16
- 28. Engasjementsbrev – Suldal kommune frå Rogaland Revisjon IKS av 30.08.16
- 29. Perioderapportering/Budsjett 2017 frå Rogaland Revisjon IKS av 19.08.16
- 30. K-styrevedtak 14.06.16, sak 43/16 – Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019
- 31. Spørsmål om styremøte i et IKS – uttale frå KMD 04.04.16

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 24 - 31 blir tatt til orientering.

Aksdal, 08.09.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Suldal kommune
v/postmottak
Eidsvegen 7

4230 SAND

Sendt pr. e-post 12/5-16

Dykkar ref.	Dykkar dato	Vår ref.	Dato
		16/193/216/ogh	12.05.16

OVERSENDELSE AV VEDTAK I KONTROLLUTVALET

Vedlagt følger særutskrift i sak Eventuelt frå kontrollutvalet sitt møte 26.04.16.

Kontrollutvalet gjorde følgende vedtak:

Suldal kontrollutval ber rådmannen gjere greie for noverande ordning for Viltneimnda sine tidlige oppgaver og erfaringane så langt i neste møte 15.09.16.

Sekretariatet vil be om å få eventuelt skriftleg materiale som skal følge saka i god tid før møtet, og seinast 07.09.16.

Dersom det er spørsmål, ta gjerne kontakt med utvalssekretær på tlf. 52 75 73 53 eller på e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Med helsing
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Odd Gunnar Høie (sign.)
Utvalssekretær

Vedlegg: særutskrift sak Eventuelt – 26.04.16.



Kontrollutvalet - statusoversikt september 2016

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Pleie og omsorg	15.09.16	200 timar			
Selskapskontroller					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i K-styret	Planlagt oppfølging	Merknader
Plan for selskapskontroll 2016-2019	23.09.15	15.09.16			
Overordna analyse	23.09.15	28.01.16/ 25.02.16	14.06.16		
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019	23.09.15	26.04.16	14.06.16		
Legetenesta i Suldal kommune	11.02.15	23.09.15	03.11.15	15.09.16	

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i K-styret	Følgd opp	Merknader
Barnevernet i Suldal	14.11.12	23.05.13	18.06.13	13.02.14	
Styring av byggeprosjekt	14.11.12/ 25.04.13	21.11.13	04.02.14	11.02.15/ KST 19.05.15	
Arbeidsgjevrolla	21.11.13	19.06.14	09.09.14	29.04.15/ KST 19.05.15	
Plan- og byggesaker	19.06.14	11.02.15	17.03.15	28.01.16	
Selskapskontroller					
Interkommunalt Arkiv	25.04.12	31.01.13	19.03.13	21.11.13	
Andre saker					

Arve Aarhus
Kvilldalsvegen 664
4237Suldalsosen

23 juni 2016

Kontrollutvalget i Suldal kommune
c/o Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 57
5575 Aksdal

Om sak i Ulla Førre Næringsfond

Viser til søknad om støtte og handsaming av søknaden i Suldal kommune, sjå vedlegg.

Søknaden er klaga og er også behandla som klagesak. Suldal kommune har gjort vedtak om støtte. (Utskrift av k-styresak 37/16 - er vedlagt)

Det visest til søknaden med tilleggsskriv og referat frå handsamingane gitt i Suldalsposten.

Me finn handsaminga av denne saka ganske så underlig og me vil be kontrollutvalet å sjå inn og komme med vurderingar av slike spørsmål og problemstillingar denne saka etter vårt syn reiser:

- Kan det vera rett at ei kvinne kvalifiserer til mykje meir støtte i Ulla Førre næringsfond enn søknadar frå ein mann?
- Kan det vera rett at søknadar om støtte til landbruk skal kategoriserast som kvinnesatsing sjølv om søknaden kjem frå ei kvinne?
- Kan det vera rett at Suldal kommune kan la vera å gi informasjon søkjaren ber om skal bli framlagt til politisk behandling?
- Kan det vera rett at me som søkjar ikkje har krav på å få rett informasjon om regelverk og retningslinjer for fondet?
- Kan det vera rett at søknadar sendt inn før retningslinjene er endra, skal handsamast etter nye retningslinjer?
- Kan det vera rett at saker blir lagt fram til handsaming utan at det blir gitt meir grunnlag for søknaden eller grunngjeving for innstillinga enn i dette tilfellet?
- Kan det vera rett at fondet heimlar at ein kvalifiserer til meir støtte om ein søker støtte før tiltaket blir gjennomført enn i ettertid?
- Me ber også kontrollutvalet å vurdere saka fritt i høve til andre spørsmål som måtte vera eller verta aktualiserte i gjennomgangen.

Bakgrunn og saksfakta, sjå også vedlegg til skrivet:

Eg finn prosessen kring søknaden vanskelig. Søknaden blei sendt som open søknad der eg ba om å bli kontakta av kommunen for å drøfte innhaldet og mulighetene som var å søkje på. Suldal kommune gav aldri tilbakemelding eller tok kontakt i samband med handsaminga. Søknaden var open som lån eller tilskot med søknadssum 2,2 mill kr. Det einaste eg fekk forståing for var at næringsfondet var pressa og at det var mindre pengar enn behovet.

Suldal kommune innstilte til lån med 750.000,- med eitt år fritak for renter og to års avdragsfritak, og gjorde vedtak til innstillinga. Lågare enn forventna med bakgrunn i tidlegare praksis.

Suldal kommune forklarte endring i praksis med at regelverket var endra, og at det då måtte bli slik. Suldal kommune hadde ikkje noko val.

Eg meinte søknaden var kommen før regelverket var endra og ba om at ein til politisk vedtak blei vurdert etter gammalt regelverk, og ba kommunen om å informere dette til fondsutvalet i handsaminga.

Fondsstyret blei ikkje informert om våre innspel til ordinær handsaming. Det vart referert frå møtet at slik måtte det bli nå når regelverket var endra. Nokon søkjarar kom alltid i den situasjonen, og uheldigvis var det nå meg.

Saka vart påklaga.

I klagesaka kom det fram at politikarane var overraska over skilnadane som oppstod med nytt regelverk og at det var problematisk i høve til likebehandling konkret i høve til ei eller to andre saker omhandande støtte til landbruksbygg i nabolaget.

Det er referert at søknaden kom tidsnok til å kunne bli behandla etter gammalt regelverk, men at det ikkje var gjort.

Iflg Suldalsposten blei det også sagt at årsaka til at det oppstod skilnadar i støtte på ellers like saker var at dei to andre søknadane var gitt større støtte grunna at det var kvinnearbeidsplassar og kvinnesatsingar. Og at fondet kunne brukast til å prioritere slike søknadar.

Det er også referert etter drøftinga at Suldal kommune meinte søkjar ikkje hadde behov som søkte i etterkant av utbygginga.

Suldalsposten refererte også frå drøftinga at det var presisert at det ikkje handla om nytt regelverk men at det var nye retningslinjer for bruk av fondsmidlane.

Klagen blei ikkje tatt til følge. Saka var seinare oppe i kommunestyret med endelig vedtak.

Det er spesielt å måtte klage på gitt støtte til utbygging. Men me fann det naudsynt når skilnaden i støtte blei så stor og når søknadar får så ulike behandling som i nevnte tilfelle. Me fann det urimelig og meiner også nå at det ikkje kan vera til intensjonen med fondsbruken å skapa slike skilje. Saka og måten den er behandla på reiser mange spørsmål og me ser nå i ettertid behovet for at andre også ser inn i saka.

Me reagerer på at Suldal kommune ikkje har orientert oss om søknadsmulighetene på trass av at me ber om råd og innspel.

Me reagerer på at Suldal kommune hevdar at regelverket er endra og hevdar at innstillinga må bli slik grunna dette, når det seinare viser seg ikkje å vera tilfelle. Det er retningslinjene som er endra. Suldal kommune har då gjort eit valg i å innstille slik dei gjer. I seinare vedtak om støtte har Suldal kommune funne grunnar til å fråvike dei nye retningslinjene. Me blei då tydeleg feilinformert av kommunen i vår søknad, når dei då sa at det var endring i regelverk og ikkje noko som kunne fråvikast.

Me reagerer på at Suldal kommune ikkje legg fram informasjon til politisk behandling når me ber om at det blir gjort. Suldal kommune har seinare informert politikarane om at ein i sakshandsaming ikkje er plikta å gi meir informasjon i ei sak enn det kommunen sjølv finn naudsynt i vurdering av om ei sak er tilstrekkeleg opplyst. Me finn ein slik praksis svært underlig.

Me reagerer på at Suldal kommune gjer så stor skilnad på støtte mellom kjønn som i denne saka. Skilnaden er enorm som også tidlegare skriv viser. Det er i mange tilfelle vanleg å kunne gi auka støtte til kvinnesatsingar og kvinnearbeidsplassar. Til liks med ungdom. Det er mange eksempel på slikt. Innovasjon Norge har også den muligheten og brukar den sikkert. Retningslinjene i det andre kommunale næringsfondet – Røldal/Suldal næringsfond inneheld sikkert også slik mulighet. Det som er spesielt for Ulla Førre næringsfond er at skilnaden er så stor. Det må vel grense til kjønnsdiskriminering andre vegen dersom det er slik det skal vera? Det er ikkje argumentert med det i saksutgreiingane i føregåande saker, og blir då vanskelig for oss i ettertid å sjå inn i eller gjera vurderingar over kva som er årsaka til utmåling av støtte for deira saker. Men me kan ikkje sjå at det er gjort gjeldande for andre tilskot dei andre har motteke i like stor grad. Verken andre kommunale midlar eller frå Innovasjon Norge. Me tenkjer at det må vera svært spesielt om ulla første næringsfond skal ha heilt forskjellig praksis på det området i høve til andre tilsvarende tilskotsytarar. Og at dersom det er slik, så burde det vore svært tydeleg informert om. Me ser vel kanskje ikkje at det har vore intensjonen at det skal vera slik stor skilnad, men meir at ein har brukt argumenta i ettertid for å rette til noko som i utgangspunktet blei vanskelig?

Me reagerer på at Suldal kommune vurderer kvinnesatsing som alt som blir søkt av kvinne. Landbrukssatsingar involverer oftast heile familien og ikkje berre den eine av to ektefellar td. I driftsplanlegginga og til risikovurderingar økonomisk er det i alle fall svært vanleg at det er samla familieøkonomi som blir lagt til grunn, og ikkje berre den som står som søker sin økonomi som er lagt inn. Til forskjell frå søknadar frå AS eller andre selskapsformer som søker støtte. Naturligvis fordi landbruk er i særstilling slik. Skattemessig har ein også for landbruk høve til å overføre inntekt i næring mellom ektefellar som utjamning. Mellom anna. Landbruk har vanlegvis ei særleg behandling.

Familiebruk blir det ofte kalla. Det blir då spesielt å gjera skilnad etter om han eller ho søker støtte.

Når me har gått inn i dette nå med sikte på å klage så finn me at det er vanskelig. Vanskelig fordi det vedtaka ikkje er grunngeevne. Det er vanskelig å sjå vurderingane som ligg bak. I vår sak så har det også vist seg at det kjem fram årsaker til innstilling og vedtak etterkvart. At noko av årsaka var at søknaden er kommen inn i etterkant av tiltaket og at den burde vore inne på førehand. Det manglar belegg og informasjon som viser at det er forskjell på støtte for dei som søker først og dei som søker etterpå. For vår del var det tilfeldig. Det andre kommunale næringsfondet har muntleg uttalt at dei helst ser at ein søker etterpå. Fordi ein då slepp å innvilge søknadar som ikkje blir realiserte. Slepp å justere støtta fordi gjennomføringa blei endra i høve til plan etc. Me kjenner ikkje til kva som har vore tilfellet i Ulla Førre, men me registrerer at me er gitt støtte, og reagerer på at det kan framstå som at den er redusert fordi søknaden kom inn etter at tiltaket er gjennomført. Me kan ikkje finne at det har vore sett som krav at ein søker først.

Dette blir sjølvsgt aktualisert når krybba er tom. Det er då prioriteringane kjem, og skilje ikkje berre i retningslinjer men også i avslag og reduserte ytingar. Det er til å forstå, men det er ikkje til å forstå at rommet for skilnadar er endra mykje meir enn nedgongen i fondsmidlane er det. Og dette tydeliggjer i alle fall stort behov for informasjon.

Me vonar på snarleg tilbakemelding på innspela våre, og kontrollutvalet sine vurderingar. Me vonar også at våre erfaringar blir teke som konstruktive innspel som gjer til at fondsmidlane gjennom utlysing, innstilling og bruk kan bli enklare å forhalde seg til og enklare å sjå inn i for utanforståande, og at mest mogleg er ope for å sikre mest mogleg lik handsaming for alle søkjarar og til beste for utvikling av næring i Suldal.

Mvh Arve Aarhus

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Torbjørn Guggedal	K1 - 223	16/201

Saksnr	Utval	Type	Dato
014/16	Fondsstyret Ulla-Førre næringsfond	PS	02.06.2016
037/16	Kommunestyret	PS	14.06.2016

Klage på vedtak om lån i Ulla Førre næringsfond - Arve Aarhus

Rådmannen si innstilling

Suldal kommune tek ikkje klagen frå Arve Aarhus dagsett 22.05.2016 til følgje. Vedtak i Ulla Førre næringsfond 28.04.2016, sak 10/16, vert ståande.

Klagen vert sendt Suldal kommunestyre for endeleg avgjerd.

Sand, <dato>

Øyvind Valen
rådmann

Vedlegg:

Klage på vedtak i Ulla Førre Næringsfond
epost næringsfond

Saksopplysninger:**Fakta**

Klagen:

Vedkjem lån i Ulla Førre næringsfond - klage på vedtak

Viser til svarbrev ds 4 mai om innvilga lån med kr 750 000,- og takkar for støtte. Søknaden vart handsama etter nytt regelverk.

Det er veldig rart å måtte skrive klage på innvilga søknad om støtte gitt av samrøystes fondsstyre for Ulla Førre Næringsfond, og beklagar veldig å måtte gjer det. Men eg finn at viktige opplysningar om søknaden eg sende, ikkje er opplyst i saka, klagar på vedtaket og ber fondsstyret om å vurdere søknaden på ny.

- Søknaden er handsama etter nytt regelverk. Eg har bedt om å bli behandla etter regelverket som var gjeldande på søknadstidspunktet, altså gamalt regelverk
- Søknaden skulle opp til handsaming før regelverket vart endra, men kom ikkje til handsaming før etter at nytt regelverk var vedteke
- Eg har i epostar opplyst om særlege moment som talar for handsaming etter gamalt regelverk. Opplysningane føl ikkje saka, og er ikkje opplyste til fondsstyret.
- Ulla Førre Næringsfond har i tidlegare vedtak vore klare på at likehandsaming skal vera gjeldande i saker som er like (støtte gitt til Torild Vårvik i 2015) I denne saka kjem det heilt klart fram at det er likehandsamingsprinsippet som ligg i fondet som gjer til vedtaket i saka.
- Eg ber om at støtte blir gitt etter likebehandling slik at skilnadane i støtte til like tiltak ikkje blir store.

Min søknad gjeld i tillegg til at søknaden er sendt før regelverket er endra, også eit tiltak som er ferdigstillt før reglane vart endra nå i 2016. Eg meiner likehandsaming skulle tilseie handsaming etter gamalt regelverk, slik at det ikkje oppstår store skilnadar i om saker blir søkt etter ferdigstilling kontra på førehand.

Forskjellane i tre byggjesaker i Kvilldal er at Sigrid Bakka og Torild Vårvik vart likehandsama og er ytt lån/støtte tilsvarande 50% av kostnadsoverslag, medan min søknad er ytt støtte med 25%. Bakka og Vårvik er ytt to års avdragsfridom, medan min søknad er ytt 1 års avdragsfridom.

Skilnaden i støtte blir enorm. Medan Bakka og Vårvik har fått støtte (to års rentefritak for 2,7 mill kr., 5% rente) tilsvarande kr. 270.000,-, blir utbygginga mi gitt eitt års rentefritak for 750 000,- og 4,5 % rente, som tilsvarer kr. 33.750,-

Skilnadar forsterkast av att vår utbygging er ferdigstillt og søkt etterskotvis, medan Vårvik som blei innvilga støtte/lån i 2015 søkte på førehand med mål om ferdigstilling nå i 2016. Likebehandling gjennom smidige løysingar i overgangen kan jamne dette ut i staden for å forsterke.

Eg fekk etter sendt søknad til svar at søknaden vart motteken og at saka ville komme opp enten i første eller andre møte 2016. Eg registrerte i første møtet at saka ikkje var oppe og at det då skulle drøftast endring av regelverk. Eg forstod at endring i regelverk kunne skapa skilnadar, og tok derfor dette opp med sakshandsamar, og gjorde dette kjent.

Vedlagde epostkopiar skulle vore del av saka. Det framgår klart at eg ber om at dette blir lagt ved sakspapira, og eg har også spurt og forstått muntleg svar at desse skulle ligge ved søknaden. Eg

oppdaga i etterkant at dette ikkje var opplyst om til handsaminga. Eg finn det svært underlig at sakshandsaminga held tilbake opplysningar i saker til handsaming, og trudde det var eit krav i all kommunal sakshandsaming å bringe alle relevante opplysningar for saka fram. Er det annleis for næringsfondet?

Eg bad om å bli kontakta av administrasjonen i samband med sakshandsaminga, men sakshandsamar tok ikkje kontakt før etter at saka var ferdig skreven. Eg blei då informert om at saka ville bli behandla etter nytt regleverk og at det måtte bli slik. Nokon havnar alltid i den situasjonen – det er leit at det er deg denne gongen, vart det sagt. Eg spurde då etter om saksopplysningane mine som var sendt var del av saka. Dette blei bekrefta, og eg blei oppfordra til å bruke høvet til å snakke med fondsstyret, om eg ønskja det, før endeleg vedtak. Fordi innstillinga var slik den var, og at det måtte bli politikarane som evt tok hensyn til prinsippa og gjorde om på innstillinga.

Eg meinte då at saka kom til å bli grundig opplyst, at fondsstyret ville ha full innsikt i problemstillingane med nytt og gamalt regelverk i denne saka, og at dei ville gjera godt og velgrunna vedtak.

I ettertid oppdaga eg at saksopplysningane mine ikkje var del av saka. Eg har også forstått at dette ikkje har vore opplyst om munnleg i saksframlegget og at det prinsipielle i dette ikkje vart drøfta i vedtaksmøtet.

Eg forstår at fondsmidlane er mindre enn for nokre år sidan. Og at ein sikkert har trong om å justera regelverket å yte støtte etter. Slik det er i denne saka er skilnaden enorm. Etter likehandsaming og gamalt regelverk ville det vera naturleg å tilby lån på 1,5 mill kr., og med to års rentefritak i mi sak. Sjølv med redusert rentesats ville det tilsvare eit støtte på 135.000,- i motsetnad til tilbodet etter nytt regelverk som er ein fjerdedel av dette. Om ein legg til grunn søknadssummar og godkjende summar som har vore 10% reduserte, ville tala mine etter likebehandling vore høgare (lån ca 2 mill kr.) Men når stoda er som den er vil 50% av kostnad truleg vera mest fornuftig å leggje til grunn.

Eg har ikkje innsikt i kva som er av fondsmidlar å bruke, men det var brukt som argument i saksutgreiinga for nytt regelverk at fondsmidlane var reduserte frå 4 til 3 mill kr. Det tilsvare ikkje ein reduksjon på 75% slik som resultatet blir for meg om fondsstyret kjem til at tilbodet av 4 mai blir ståande.

Det er alltid slik at ein orienterer seg om støtteordningar i samband med utbygging. Vår utbygging var stor, men også naudsynt. Og me har ein forretningsplan som viser at det er grunnlag for utbygginga. Med i planane er alltid tilskot sjølv om ein ikkje kan rekne dei inn før tilsagnet er gitt, så reknar ein likevel med å få, så lenge ein veit at ein tilfredstiller søknadskriterier, og ser/hører kva andre blir gitt av lån/støtte.

Eg valde å søkje etterskotsvis. Fordi rekneskapen då er gjort opp og at ein søker på reelle summar. Det var også eit poeng i det at Røldal Suldal næringsfond likar den praksisen, og at ein der ikkje får ut tilskot før ein leverer godkjend rekneskap.

Eg ber om ny handsaming av søknaden, og ber om at det i denne spesielle saka blir gjort vedtak etter gamalt regelverk. Eg ber om lov til å hevde at det finns gode grunnar for det, og håpar de finn det same.

Dersom vedtak om lån gjer beslag på stor del av fondsmidlane gjort tilgjengeleg for tildeling, slik at dette vanskeliggjer seinare søknadar, ber eg om at det blir vurdert å gi tilskot i staden for lån og rentefritak. Eg tillet meg då å søkje om tilskot kr. 100.000,- i tillegg til lånetilsagnet som alt er løyvd, og at dette i sum gjer til støtte tilsvarende etter gamalt regelverk, og etter likehandsamingsprinsippet Ulla Førre næringsfond har lagt til grunn i liknande saker tidlegare.

Eg ber om å bli kontakta av Suldal kommune om spørsmåla eg har om sakshandsaming/at opplysningar som skal følgje saka blir haldne tilbake. Mitt tlfnr er 47750258

Mvh

Arve Aarhus

Lover, føresegner, rundskriv

Vedtekter for Ulla Førre næringsfond.

Vurdering og konklusjon

Rådmannen syner til klage dagsett 22.05.2016 og vedlagt e-postutveksling mellom søkjar Arve Aarhus og sakshandsamar.

Søknaden frå Arve Aarhus er dagsett 27.01.2016. Det vart 03.02 gitt tilbakemelding på kva tid søknaden ville bli handsama i fondsstyret, enten 03.03. eller 29.04. Ny melding vart gitt då det vart klart at søknaden ville bli handsama 29.04.

Samstundes med dette var det ein prosess i fondsstyret rundt disponering av avsette midlar til støtte/utlån og søknadsfristar. I notat til fondsstyret dagsett 07.01.2016 skreiv rådmannen:

Rådmannen er kjent med at det vert arbeid med fleire investeringsprosjekt innan landbruket. Desse representerer samla lånebehov langt utover avsette midlar. Ein kan fort komme i ein situasjon der utlånsramma er brukt opp tidleg på året om ein handsamar søknader som kjem etter same praksis som siste åra. Ein har også siste åra tilført fondet betydelege midlar, det meste frå SUS as. Denne moglegheita er nå ikkje til stades lengre.

Notatet vart drøfta i fondsstyret 14.01.2016. I møtet fekk rådmannen innspel som igjen danna grunnlag for melding i fondsstyremøtet 03.03.2016. I dette møtet slutta fondsstyret seg til rådmannen sitt framlegg til disponering av midlar samstundes som dei ba om sak vedk. søknadsfristar. Følgjande punkt vart vedteke lagt til grunn i vidare sakshandsaming:

- Rådmannen skal leggja enno meir vekt på å vurdere risiko i økonomivurderinga. Det skal også leggjast meir vekt på vurdering av arbeidsplasspotensialet.
- Det kan søkjast toppfinansiering med høgare risiko frå fondet – tilbake til tidlegare praksis med 3-delt finansiering – eigenkapital / ordinært lån / næringsfondslån.
- Avdragsfritt 2-5 år, men rentefritt kun 1 år.

I møtet 28.04.2016 vedtok fondsstyret følgjande søknadsfristar for fondet:

- 1. januar med handsaming i februar
- 1. mai med handsaming i juni
- 1. september med handsaming i oktober

I 2016 blir søknadsfristen 15. mai i staden for 1. mai.

Sakshandsaminga av Arve Aarhus sin søknad starta etter møtet.03.03. Rådmannen la då til grunn vedtektene for fondet og føringar som fondsstyret nyleg hadde slutta seg til i høve disponering av av budsjetterte midlar for 2016. Dette vart Arve Aarhus informert om i e-post 07.04.

Rådmannen meiner det er teke tydeleg inn i saksomtalen at søknaden frå Arve Aarhus er komen inn etter at driftsbygninga var ferdig. Det er også opplyst om i saka at vanleg praksis dei siste åra har vore at det vert søkt om lån/støtte i starten av prosjekta.

Gjennom heile prosessen med drøfting av disponeringa av budsjetterte midlar for har fondsstyret vore klar over at einkvan ville bli førstemann som fekk søknaden handsama etter endringa. Dette er grunnen til at rådmannen ikkje har omtalt dette særskilt som del av saksomtalen i saka.

Arve Aarhus syner til tidlegare saker i fondsstyret. Alle saker vert handsama med utgangspunkt i vedtektene for fondet. Vedtektene opnar for ulike %-vis støtte, jfr §4 Støttevilkår. Tilgangen på budsjettmidlar er eit anna viktig moment. Summen av desse vil gi ulike vurderingar og konklusjonar. Og dermed ulik sum til evt støtte og lån. Det vil også gjelda for saker som skal handsamast i tida framover.

Arve Aarhus skriv også at han ikkje er blitt kontakta av kommunen i samband med sakshandsaminga. Han ber også om å bli kontakta av kommunen i høve denne klagehandsaminga. Det er ikkje praksis for at sakshandsamar tek kontakt med søkjar i saker der alle opplysningar om saka er gitt i søknaden. Har søkjar tilleggsopplysningar er det hans ansvar å ringja eller på annan måte bringa desse til sakshandsamar. Manglar det opplysningar tek sakshandsamar kontakt. Det er ikkje ynskjeleg å gå inn i drøfting eller på annan måte å vurdere søknaden saman med søkjar når søknaden er sendt.

Etter ei samla vurdering kan ikkje rådmannen sjå at det ligg føre moment som gir grunnlag for ny handsaming av søknaden.

Fondsstyret Ulla-Førre næringsfond - 014/16

ULL - handsaming:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstilling.

ULL: vedtak

Suldal kommune tek ikkje klagen frå Arve Aarhus dagsett 22.05.2016 til følgje. Vedtak i Ulla Førre næringsfond 28.04.2016, sak 10/16, vert ståande.

Klagen vert sendt Suldal kommunestyre for endeleg avgjerd.

Kommunestyret - 037/16

K - handsaming:

Administrasjonen endrar innstillinga til

Suldal kommune tek ikkje klagen frå Arve Aarhus dagsett 22.05.2016 til følgje. Vedtak i Ulla Førre

næringsfond 28.04.2016, sak 10/16, vert ståande. Samrøystes vedtak i samsvar med endra innstilling.

K: vedtak

Suldal kommune tek ikkje klagen frå Arve Aarhus dagsett 22.05.2016 til følgje. Vedtak i Ulla Førre næringsfond 28.04.2016, sak 10/16, vert ståande.



Arve Aarhus
Kvilldalsvegen 664
4237 SULDALSOSEN

Sendt pr. e-post 28/6-16

Dykkar ref. Aarhus	Dykkar dato 23.06.16	Vår ref. 16/248/33/ogh	Dato 28.06.16
-----------------------	-------------------------	---------------------------	------------------

VEDK. DYKKAR BREV OM ULLA FØRRE NÆRINGSFOND

Me syner til dykkar brev til kontrollutvalet i Suldal dagsett 23.06.16.

Utvalsleiar er orientert om brevet. Ho har i samråd med sekretariatet bestemt at dykkar brev vil bli lagt fram for utvalet i neste møte.

Neste møte i Suldal kontrollutval er 15.09.16. Brevet vil bli lagt fram for utvalet til orientering. Utvalet vil i møtet drøfte kva dei vil og kan gjere vidare med saka.

Kontrollutvalet sine oppgåver er omtala i «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner». Utvalet sine primæroppgåver er å sjå til at kommunen har ein forsvarleg rekneskapsrevisjon, at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, samt andre oppgåver på eit overordna nivå knytt til systemkontroll.

Kontrollutvalet skal ikkje vera eit klageorgan for enkeltvedtak eller ein arena for overprøving av politiske prioriteringar som er gjort av kommunalt folkevalde organ. Utvalet har heller ikkje mynde til å fatte vedtak som bind forvaltninga.

Det er berre kommunestyret som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver. Når det gjeld førespurnader frå andre, må utvalet sjølv vurdere om utvalet vil handsame førespurnaden eller ikkje. Om kontrollutvalet skal handsame ei sak, vil vere avhengig av om saka ligg innanfor mandatet til kontrollutvalet.

Med helsing
Kontrollutvalet i Suldal

Odd Gunnar Høie (sign.)
Utvalssekretær

Kopi: Suldal kommune v/ordførar og rådmann

Til kontrollutvalget i Suldal kommune

VEDLEGG SAK 16/16-28

Engasjementsbrev – Suldal kommune

1. Innledning

Rogaland Revisjon IKS ble gjennom avtale datert 16. desember 2012 engasjert som revisor for Suldal kommune. Revisjonen består av forvaltningsrevisjon og regnskapsrevisjon, særattestasjoner og selskapskontroller, og omfatter revisjonen av kommuneregnskapet kommunale foretak, kirkeregnskap, stiftelser og andre virksomheter som inngår i den kommunale tjenesteproduksjon, jf. selskapsavtale, samarbeidsavtale og kommunens eierstrategi. Med utgangspunkt i de revisjonsbestemmelsene som gjelder for kommuner og fylkeskommuner, herunder standarder for god kommunal revisjonsskikk, vil vi i dette brevet beskrive vår forståelse av revisjonsoppdraget, slik at utvalget får en oppfatning av rollefordeling og hva som kan forventes av oss.

2. Revisjonen – formål og innhold

Kommuneloven har blant annet følgende bestemmelser om revisjonen i § 78:

1. Revisjon av kommunal og fylkeskommunal virksomhet skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk.
2. Revisjonsarbeidet skal omfatte regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Vi vil gjennomføre og rapportere resultatene av vår revisjon i henhold til god kommunal revisjonsskikk, som er en rettslig standard. Innholdet i dette begrepet er normert av kommunelovens bestemmelser om revisjon, tilhørende forskrifter og etablerte og anerkjente standarder på området. Som medlem av Norges kommunerevisorforbund (NKRF) er vi underlagt jevnlig eksterne kvalitetskontroller.

Revisor har plikt til løpende å foreta en vurdering av egen uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor vil hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget i samsvar med revisjonsforskriften § 15.

Ledelsenes ansvar

I henhold til kommuneloven er det kommunens administrasjonssjef som er ansvarlig for at kommunens interne administrative kontroll og økonomiforvaltning er ordnet på en betryggende måte og er gjenstand for betryggende kontroll. Det er også administrasjonssjefens ansvar å utarbeide og fremme kommunens årsberetning og avlegge årsregnskapet i samsvar med bestem-

melsene i kommuneloven, forskrift om årsregnskap og årsberetning i kommuner og fylkeskommuner og god kommunal regnskapsskikk.

Kommunens ledelse har også ansvaret for at vi som revisor har ubegrenset tilgang til registrerte opplysninger, dokumentasjon og annen informasjon vi finner nødvendig for å kunne utføre vårt arbeid, herunder korrespondanse, kontrakter, protokoller mv. Dette inkluderer også tilgang til systembeskrivelser og nødvendig veiledning.

Kommunestyret og kontrollutvalgets ansvar

Kommunestyret er kommunens øverste organ, og har det øverste tilsyn med den kommunale og fylkeskommunale forvaltning. Kommunestyret velger selv et kontrollutvalg til å forestå det løpende tilsyn med den kommunale forvaltning på sine vegne. Kontrollutvalget skal påse at kommunen og forvaltningen blir forsvarlig revidert. Kontrollutvalget bestiller forvaltningsrevisjoner basert på en overordnet risiko- og vesentlighetsanalyse.

Forvaltningsrevisjon

I henhold til forskrift om revisjon osv. § 7 innebærer forvaltningsrevisjon å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,
- c) regelverket etterleves,
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.

Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standarder på området. Vi utarbeider også overordnet analyse av vesentlige forhold ved den kommunale virksomheten, til nytte for kontrollutvalget ved bestilling av forvaltningsprosjekter.

Innenfor forvaltningsrevisjon av kommuner er det NKRF som er det standardsettende organ. Grunnlaget og bakgrunnen for den enkelte forvaltningsrevisjon vil være beskrevet ved rapporteringen av den enkelte revisjon, slik at denne oppgaven ikke blir beskrevet ytterligere i dette brevet. Se for øvrig nærmere om rapportering under eget avsnitt.

Oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor er undertegnede, mens fagansvarlig er Bernt Mæland.

Regnskapsrevisjon

Når det gjelder regnskapsrevisjon vil grunnlaget for vårt arbeid i mindre grad være omtalt ved avrapportering, slik at vi her bruker noe mer plass på å beskrive vårt arbeid og grunnlaget for dette.

Oppdragsansvarlig regnskapsrevisor er undertegnede, mens oppdragsleder er registrert revisor Tore Kristensen.

Årsregnskapet og de aktuelle delene av årsberetningen

I regnskapsrevisjonen er vår hovedoppgave som revisor for kommunen å vurdere og avgi en uavhengig uttalelse (revisjonsberetning) om hvorvidt årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter. I tillegg kontrollerer vi at de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpene stemmer med regulert beløp.

Vi kontrollerer også om opplysninger i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet. I tillegg kontrollerer vi om den revisjonspliktiges ledelse har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Videre er det vår oppgave å vurdere om kommunen har ordnet den økonomiske internkontrollen på en betryggende måte og med forsvarlig kontroll.

Årsregnskapet skal iht. forskriften være avlagt av administrasjonssjefen innen 15. februar i året etter regnskapsåret. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Administrasjonssjefens ansvar omfatter også ansvar for at registrering, dokumentasjon og oppbevaring av regnskapsopplysninger er innrettet på en ordentlig og oversiktlig måte.

Revisjonens utførelse og forholdet til intern kontroll

God kommunal revisjonsskikk innebærer blant annet at vi kontrollerer utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, foretar analytiske vurderinger og andre revisjonshandlinger som vi etter forholdene finner hensiktsmessige.

På grunn av en revisjons iboende begrensninger, sammen med den interne kontrollens iboende begrensninger, er det alltid risiko for at ikke all vesentlig feilinformasjon i regnskapet avdekkes, selv om revisjonen er planlagt og utført i samsvar med god kommunal revisjonsskikk. Ved vår risikovurdering vurderer vi de interne kontrollene som er relevant for årsregnskapet med det formål å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for effektiviteten av enhetens interne kontroll. Slike revisjoner eller gjennomganger vil eventuelt kunne avtales.

Generelt vil en effektiv intern kontroll (kommunens egen) redusere risikoen for at misligheter og feil vil oppstå uten å bli avdekket, men vil aldri kunne eliminere denne risikoen. Omfanget av vårt revisjonsarbeid vil for en stor del være avhengig av kvaliteten på og effektiviteten av foretakets interne kontroll, samt regnskaps- og rapporteringsrutiner. Vi vil rapportere skriftlig om eventuelle vesentlige mangler i den interne kontrollen som er relevante for revisjonen av årsregnskapet og som vi har identifisert under revisjonen, se nærmere om dette under avsnittet rapportering.

Registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger

Når vi konkluderer om registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i revisjonsberetningen, vil revisjonen være utført i samsvar med den internasjonale standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon». Denne standarden krever at vi etterlever etiske krav, planlegger og gjennomfører vårt arbeid for å oppnå betryggende sikkerhet for at det ikke er vesentlige formelle mangler knyttet til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger. Slike vurderinger innebærer gjennomføring av kontrollhandlinger for å innhente bevis om disse forholdene. De valgte kontrollhandlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for vesentlige mangler.

Ved vurderingen av ledelsens plikter med hensyn til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger, innhenter revisor informasjon om kommunens interne rutiner for å vurdere samsvaret med lov, forskrift og god bokførings-skikk, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.

Andre uttalelser og kontrollhandlinger

Vår revisjon vil også omfatte de kontrollhandlinger som er nødvendige for å attestere de terminvise krav etter den kommunale ordningen for momskompensasjon. Vi utfører også kontroll av tilskudd som er gitt for å finansiere særskilte oppgaver (særattestasjoner), der det er krav eller ønske om revisors attestasjon, eksempelvis bekreftelse av antall psykisk utviklingshemmede og tilskudd for ressurskrevende tjenester. Våre kontroller utføres i tråd med oppdragsgivers anvisninger og aktuell standard for attestasjonsoppdrag.

3. Innsynsrett og taushetsplikt

Revisor kan kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument hos kommunen og foreta de undersøkelser som revisor finner nødvendige for å gjennomføre oppgavene.

Både oppdragsansvarlig revisor og revisjonsmedarbeiderne har taushetsplikt etter forvaltningsloven §§ 13 til 13e. Dette følger av kommuneloven § 78, nr. 7. Taushetsplikten gjelder ubegrenset i tid, også etter at oppdraget er avsluttet.

Taushetsplikten er dog ikke til hinder for at kontrollutvalget får den informasjon om resultater av revisjonen som er nødvendige.

4. Rapportering og dialog

Engasjementsbrev for revisjonsoppdraget utarbeides for hver valgperiode eller oftere dersom det er forhold som tilsier det. I tillegg utarbeides oppstartsbrev i forbindelse med oppstart av den enkelte forvaltningsrevisjon, som sendes administrasjonen.

Utkast til budsjett fremmes til kontrollutvalget, som iht. forskrift til kommuneloven § 18 legger frem eget budsjett for kommunestyret for godkjenning. Rogaland Revisjon IKS legger frem tertialrapport over tidsforbruk sammenholdt mot rammen. Tilleggstjenester avtales spesielt.

Kontrollutvalget skal sørge for at plan for forvaltningsrevisjon blir utarbeidet og innstille til kommunestyret, som vedtar planen. Forvaltningsrevisjoner rapporteres til kontrollutvalget i form av egne rapporter.

Regnskapsrevisjonens innhold avhenger av revisjonsstandarder, intern kontroll og revisors skjønn. Kontrollutvalgets oppgave er å påse at kommunen har en tilstrekkelig revisjon.

Regnskapsrevisjonen rapporteres slik til kontrollutvalget:

1. Presentasjon av revisjonsstrategi ved inngangen til nytt revisjonsår
2. Orientering om vesentlige funn gjennom året
3. Oppsummering av årets revisjon og revisjonsresultater ved avslutning av revisjonen
4. Revisjonsberetning
5. Nummererte brev (se nedenfor)

Vi legger vekt på å ha en god dialog med kontrollutvalget.

Etter en endring i offentleglova § 5 annet ledd, som trådte i kraft 1. januar 2015, kan offentlig innsyn i foreløpige revisjonsrapporter utsettes inntil den endelige rapporten er oversendt kontrollutvalget. Endringen innebærer ikke en innsnevring i selve innsynsretten i revisjonsrapporter; det er kun tidspunktet for når innsyn kan kreves som er endret.

Misligheter

Revisor skal iht. revisjonsforskriften § 3 gjennom revisjonen bidra til å forebygge og avdekke misligheter og feil. Konstateres det misligheter ved revisjon eller på annen måte, skal revisor straks sende foreløpig innberetning til kontrollutvalget.

Når saksforholdet er nærmere klarlagt skal revisor sende endelig innberetning til kontrollutvalget. Revisor skal sende kopi av innberetningen til administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet.

Nummererte brev

Vi kan gjennom regnskapsrevisjonen finne forhold som ikke blir påpekt i revisjonsberetningen, men vi finner det nødvendig å påpeke i nummerert brev. Slike nummererte brev vil bli sendt til kontrollutvalget med kopi til administrasjonssjefen. Kontrollutvalget har et ansvar for å påse forhold som er påpekt av revisor blir fulgt opp.

I henhold til revisjonsforskriften § 4, 2 skal revisor påpeke følgende forhold i nummererte brev:

1. Mangler ved plikten til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.
2. Feil og mangler ved organiseringen av den økonomiske internkontrollen.
3. Misligheter.
4. Feil som kan medføre feilinformasjon i årsregnskapet.
5. Manglende redegjørelse for vesentlige avvik mellom beløpene i den revisjonspliktiges årsregnskap og regulert budsjett slik det fremstår etter gyldige vedtak/endringer fattet på riktig beslutningsnivå.
6. Begrunnelse for manglende underskrift ved bekreftelser overfor offentlige myndigheter som gis i henhold til lov eller forskrift.
7. Begrunnelse for å si fra seg oppdrag etter § 16.

Brev med påpekning av mindre vesentlige feil eller mangler vil bli sendt direkte til administrasjonen.

Uttalelser fra kommunens ledelse

I forbindelse med årsavslutningen vil vi i henhold til god kommunal revisjonsskikk innhente en skriftlig uttalelse fra ledelsen om fullstendigheten og riktigheten av de opplysninger som gis i årsregnskapet. På samme måte er vi pålagt å innhente skriftlige uttalelser fra ledelsen om kjennskap til eller mistanke om misligheter mv. Disse uttalelsene vil innhentes fra administrasjonen.

5. Andre tjenester

Vår organisasjon har medarbeidere med betydelig kompetanse og praksis innenfor mange fagområder. Dette gjør oss i stand til å yte kompetent veiledning til dere, og som medlem av NKRF og KS Bedrift kan vi også trekke på kompetansen i et stort fagmiljø. Vi bistår gjerne med veiledning innenfor intern kontroll, merverdiavgift, regnskapsføring, budsjetter, lov og forskrifter osv., så langt det lar seg gjøre innenfor vår oppgave som revisor.

Vi håper innholdet i dette brevet samsvarer med kontrollutvalgets forståelse av revisors rolle og ansvarsområder, og vi ser frem til et godt og konstruktivt samarbeid. Hvis noe er uklart eller utvalget har spørsmål, er det bare å ta kontakt.

Med hilsen
Rogaland Revisjon IKS



Cicel T. Aarrestad
Revisjonsdirektør/
statsautorisert revisor

Mottatt 19/8-16

SULDAL KOMMUNE
 Periode rapportering/Budsjett 2017

Kundeid	Månednummer	1 2 3 4 5 6 7							Tot. Ant Timer	Tot sum eks mva
		1	2	3	4	5	6	7		
2025901	SULDAL KOMMUNE Regnskapsrevisjon 2016	6	1	25,5	80	5,5	10	3	131	105 193
2025902	SULDAL KOMMUNE Bekrefelser 2016	1	8,5	19	12,5		0,5		41,5	33 325
2025903	SULDAL KOMMUNE Kontrollutvalg 2016	8	8		10				26	20 878
2025904	SULDAL KOMMUNE FR-generelt 2016	2			11,5				13,5	10 841
2025905	SULDAL KOMMUNE Overordnet analyse 2016	8	14,5	39,5	5,5	2	2		71,5	57 415
Totalsum		25	32	84	119,5	7,5	12,5	3	283,5	227 651

SULDAL	FR	RR	ATT	KU	RAD	TOTALT	SUM
B 2015	400,0	165,0	60,0	25,0		650,0	
R 2015	298,0	208,5	97,5	37,0	2,0	643,0	
B 2016	400,0	165,0	60,0	25,0		650,0	521 950
R 2016	85,0	131,0	41,5	26,0		283,5	227 651
B 2017	400,0	165,0	60,0	25,0		650,0	521 950

Budsjett 2017: Suldal kommunestyre har vedtatt å gå inn i Rogaland Revisjon som eier. Dette skjer samtidig med omdannelse og fusjon med kommunerevisjonen Vest-Agder. Tidligere rammer er videreført. Avtalen innebærer at revisjonen kan bygge på en velfungerende intern kontroll med rasjonell elektronisk samhandling på regnskapsrevisjonen mens forvaltningsrevisjonen trekkes av rammen iht. kontrollutvalgets bestilling. Erfaring fra tidligere år viser at en del må justeres før slike minimumstimer kan benyttes. Kommunens ønsker om hyppighet på besøk må også hensyntas.

Forbruk 2016: I regnskapsrevisjonen er årsoppgjørrevisjon 2015 gjennomført og interimsrevisjonen for 2016 påbegynt. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for tre terminer. Av særattestasjoner kan nevnes bekrefelse av tilskudd til ressurskrevende brukere og antall psykisk utviklingshemmede, som er de mest tidkrevende. Også i år har attestasjonen på de ressurskrevende brukerne blitt gjennomgått flere ganger og vært mer tidkrevende enn nødvendig. Innen forvaltningsrevisjon er overordnet analyse og utkast til plan for forvaltningsrevisjon levert. Det er bestilt et mandat innenfor Pleie og omsorg som blir lagt fram på møtet i september. Overordnet analyse og plan for selskapskontroll er bestilt.

VEDLEGG SAK 16/16 - 29

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 14.06.2016
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 18:00 - 19:00

Møtedeltakarar	Parti
Henrik Halsne	AP
Kari Vaage Gjuvsland	AP
Klara Holmestad Nerheim	AP
Rainer Speth	H
Sverre Underbakke	H
Jarle Haugslund	KRF
Svanhild Løge Skålheim	KRF
Albrigst Stokka	SP
Berit J. Haugslund	SP
Endre Kvæstad	SP
Gerd Helen Bø	SP
Ola Jelsa	SP
Heine Mo Willig	SV
Tone Mari Sand	SV
Eskil Nerheim	V
Nils Bjarne Vold	V
Nina Østebø	V

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Magne Langeland	SP

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Aud Nora Kalbekkdalen	KRF
Leiv Einar Drarvik	SP
Øyvind Lovra Tveitane	SP

Andre:

Møtesekretær:
Turid Vaage

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
034/16	Godkjenning av møteprotokoll
035/16	Meldingar
036/16	Ryggjatun Eigedom AS - Førebuande generalforsamling 2015

føresegner sist revidert 04.april 2016.

31.05.2016 UTVAL FOR LANDBRUK, MILJØ OG TEKNIKK (LMT-UTVALET)

Samrørystes vedtak i samsvar med innstilling.

LMT - 049/16:

Suldal kommune syner til rådmannen si innstilling og vil i medhald av § 12-10 i plan- og bygningslova godkjenne endringa av reguleringsplanen for Høyvik av 29.05.2015, føresegner sist revidert 04.april 2016.

14.06.2016 KOMMUNESTYRET

Samrørystes vedtak i samsvar med innstilling.

K - 042/16:

Suldal kommune syner til rådmannen si innstilling og vil i medhald av § 12-10 i plan- og bygningslova godkjenne endringa av reguleringsplanen for Høyvik av 29.05.2015, føresegner sist revidert 04.april 2016.

043/16: PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJONEN 2016-2020

Innstilling frå kontrollutvalet:

Suldal kommunestyre vedtek Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2019 slik den ligg føre og med slike endringar i prioritering som går fram av opplistinga:

1. Pleie og omsorg
2. Innsparing, effektivisering og forenkling
3. Oppfølging av politiske vedtak
4. Klima og miljøplan
5. Skule- tilpassa opplæring og spesialundervisning
6. Sosiale tenester/NAV

og med følgjande uprioriterte område:

- Barnevern
- Legevakt
- Busetting og integrering av flyktningar
- IKT

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen i planperioden.

Kommunestyret vil ha melding om slike eventuelle endringer.

14.06.2016 KOMMUNESTYRET

Forslag frå Rainer Speth, H:

- 1 Pleie og omsorg
- 2 Barnevern
- 3 Legevakt
- 4 Busetting og integrering av flyktingar
- 5 Skule- tilpassa opplæring og spesialundervisning

Resten uprioritert!

Rainer Speth, H trekte forslaget.

Innstillinga: Samrøystes vedtak

K - 043/16:

Suldal kommunestyre vedtek Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2019 slik den ligg føre og med slike endringer i prioritering som går fram av opplistinga:

1. Pleie og omsorg
2. Innsparing, effektivisering og forenkling
3. Oppfølging av politiske vedtak
4. Klima og miljøplan
5. Skule- tilpassa opplæring og spesialundervisning
6. Sosiale tenester/NAV

og med følgjande uprioriterte område:

- Barnevern
- Legevakt
- Busetting og integrering av flyktingar
- IKT

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen i planperioden.
Kommunestyret vil ha melding om slike eventuelle endringer.

044/16: STRATEGISK GRUNNKJØP

Rådmannen si innstilling

Suldal kommunestyre godkjenner avtale om kjøp av grunn til bustadføremål gjeldande del av gnr. 149 bnr. 2 ved Stølane i Erfjord mellom Svein Skjerahaug og Suldal kommune



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

KS Bedrift v/Tone Molvær Berset

Deres ref

Vår ref

Dato

16/1395-2

04.04.2016

Spørsmål om styremøte i et IKS

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til e-post 16. mars 2016, der du stiller spørsmål om det er adgang til å ha et styremøte i et interkommunalt selskap uten at medlemmene fysisk møtes, for eksempel et telefonmøte.

Lov om interkommunale selskap sier ingenting eksplisitt om at styremøtene må være et møte hvor medlemmene fysisk er til stede. Dette taler for at det ikke vil være forbudt å ha et styremøte som en telefonkonferanse. Det må nok likevel legges til grunn at et fysisk møte er det klare utgangspunktet og forutsetningen for bestemmelsene om styremøtene i IKS-lovens §§ 11-12. Spørsmålet blir om det må innfortolkes et forbud mot andre møteformer enn fysiske møter. Så vidt departementet kjenner til, har vi ikke uttalt oss om dette spørsmålet tidligere.

Moderne teknologi gjør det mulig å ha forsvarlig saksbehandling i styremøtet uten at alle medlemmene er til stede. Det avgjørende er at medlemmene kan drøfte sakene og blir kjent med hverandres synspunkter. En møteform hvor dokumentene er sendt ut på forhånd og medlemmene kommuniserer gjennom telefon eller videolink, kan i noen tilfeller være hensiktsmessig og nødvendig. Det kan for eksempel være behov for et raskt styremøte uten at man har tid til å vente på at alle er til stede.

Møteoffentlighetsreglene i kommuneloven gjelder ikke for styremøtene i IKS-ene, og det er ingen tilsvarende regler i IKS-loven, slik at fjernmøter vil ikke i seg selv redusere muligheten

for offentlig innsyn. Det er her viktig å minne om at alle de øvrige bestemmelsene om gjennomføring av et styremøte fremdeles gjelder selv om møtet er et fjernmøte.

Det er en viss form for veiledning å finne i reguleringen av andre lignende typer organ. For aksjeselskaper oppstiller aksjeloven en hovedregel om fysiske styremøter, men aksjeloven § 6-19 første ledd åpner for andre møteformer så lenge det er en betryggende saksbehandling. Kommunelovens bestemmelser om saksbehandlingen i folkevalgte organer har også en åpning for at slike organer kan behandle saker ved bruk av fjernmøter som for eksempel telefonmøte eller skriftlig saksbehandling, jf. kommuneloven § 30 nr. 2. Også her er hovedregelen fysiske møter. IKS kan muligens i denne sammenheng sees på som en slags mellomting mellom kommunalt organ og rent privatrettslig selskap. Når det åpnes for telefonmøter for slike virksomheter, taler sammenhengen i regelverket for at det samme burde gjelde for styremøter i IKS.

Vi ser ikke at det er tungtveiende hensyn som taler mot at et styremøte kan avholdes som et fjernmøte ved bruk av for eksempel et system for telefonkonferanse. Departementet understreker likevel at hovedregelen er at det skal være fysiske møter. Styret bør selv vurdere nøye om det er hensiktsmessig å fravike dette utgangspunktet ved vurderingen av møteformen til det aktuelle møtet. Dersom det avholdes fjernmøte ved bruk av for eksempel telefon eller videolink, bør styret sørge for at alle møtedeltakerne kan høre og kommunisere med hverandre og ikke at styrelederen har individuelle samtaler med det enkelte medlemmet, jf. prinsippene i forskrift 13. januar 1993 om fjernmøter § 2 første ledd som gjelder for folkevalgte organer etter kommuneloven.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Edvard Aspelund
seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Nyhetsartikkel 11.08.2016 • Skrevet av Tone Molvær Berset (mailto:tone.molvar.berset@ks.no)

Styret i et interkommunalt selskap (IKS) kan unntaksvis, og under visse forutsetninger, holde styremøte uten å treffes fysisk – eksempel via telefon. Det har Kommunal- og regionaldepartementet skrevet i et svarbrev til KS Bedrift.

Det kan av og til være behov for å avvikle styremøte uten at styremedlemmene faktisk møtes, eller at alle er tilstede samtidig. Da kan telefonmøte eller lignende være hensiktsmessig.

Det har vært noe uklart om det er adgang til dette for interkommunale selskap (IKS). IKS-loven sier ikke noe om at et styremøte i et IKS må være et fysisk møte. Og både for aksjeselskaper og en del folkevalgte organ er det anledning til å ha telefonmøter, så lenge det innebærer en betryggende saksbehandling.

Krever god drøfting

Moderne teknologi gjør det mulig å ha en forsvarlig saksbehandling av styresaker uten at alle er tilstede samtidig, eller at man er fysisk samlet i møte. Det avgjørende er at styremedlemmene får drøfte saken og bli kjent med hverandres synspunkter før det eventuelt treffes vedtak.

Det kan for eksempel gjøres ved at saksdokumentene sendes ut på forhånd og medlemmene drøfter saken i en telefon- eller videokonferanse.

KS Bedrift har bedt Kommunal- og moderniseringsdepartementet om en tolkningsuttalelse om denne problemsstillingen. Departementet har nå konkludert med at det er adgang til å ha telefonmøter og lignende i et IKS.

Man kan ha for eksempel telefonmøter dersom det er nødvendig. Det er likevel viktig å minne om at de øvrige bestemmelsene i IKS-loven om gjennomføring av styremøte gjelder, og at det kun er i unntakstilfeller denne adgangen skal benyttes.

Se departementets svarbrev her (</media/1952/svarbrev-fra-kommunal-og-regionaldepartementet-om-iksers-mulighet-til-aa-avholde-ikke-fysisk-styremoete.pdf>)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	15.09.16	17/16
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – LEGETENESTA

Vedlegg: notat om oppfølging av rapport – frå rådmannen, dagsett 27.06.16

Bakgrunn:

Rogaland Revisjon IKS gjennomførte våren 2015 ein forvaltningsrevisjon av «Legetenesta» på bestilling frå kontrollutvalet. Dette var i tråd med Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015.

Kontrollutvalet handsama rapporten den 23.09.15. Kommunestyret handsama rapporten den 03.11.15, i sak 119/15. Vedtaket i kommunestyret var følgjande:

1. Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Legetenesta – rutinar ved skrifte av lege» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 10 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

I rapporten kom revisjonen med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

- *Vi tilrår kommunen å sjå nærare på korleis ein kan bremsa/redusera utgiftsveksten forbundet med legetenesta. Ein bør i den samanheng sjå nærare på korleis ein kan auke produktivitet og inntening i legetenesta.*
- *Vi tilrår kommunen å sjå nærare på konsultasjonstida, og vurdere om denne bør reduserast frå 30 til 20 minutt. Alternativt kan ein vurdere om ein bør differensiera betre i tilhøve til behov, og i større grad skilja mellom korte og meir omfattande konsultasjonar.*
- *Vi tilrår legene å sjå nærare på eigen praksis for pasientkontakt, og vurdere om andelen ordinære konsultasjonar bør aukast og enkle pasientkontaktar reduserast. I vurderinga bør det takast omsyn til lange reiseavstandar for nokre pasientar.*
- *Vi tilrår kommunen å sjå nærare på eigen praksis for å hente inn refusjonar, og sørge for at kommunen får dei inntektene ein har krav på.*

- *Vi tilrår kommunen å freista å utarbeide meir realistiske budsjetter for legetenesta. Dette er sentralt for å sikre ein god økonomistyring. Eit meir realistisk budsjett vil etter vår vurdering gje eit sterkare insentiv for å holde seg innanfor budsjetttramma, ettersom eininga vil få ein reell muligheit til å klare dette.*
- *Vi tilrår kommunen å arbeida for å stabilisera legetenesta. Dette er noko kommunen allereie har arbeidd ein del med. Vi ynskjer likevel å understreke dette fordi utviklinga dei siste åra har vist at legetenesta er sårbar når fleire hendingar hendar på same tid (permisjonar, sjukefråver, oppseiingar). Samstundes er det viktig å erkjenne at dette til ein viss grad vil kunne vera normalsituasjonen for legetenesta, også i åra framover. Da er det viktig at ein riggar organisasjonen for dette. Difor er det viktig at legekantoret framover også arbeider med å utvikle felles prosedyrar og praksisar, og forbetrar interne arbeidsprosessar. Dette vil kunne redusera sårbarheten forbundet med ein del legeskifter.*
- *Vi tilrår kommunen og legekantoret å arbeide med interne arbeidsprosessar. I faktadelen går vi kort inn på korleis ein kan gjera dette. Vi tilrår kommuneleiinga å styrka samarbeidet med legene. Det er spesielt viktig at partane byggjar vidare på det initiativet kommuneleiinga har tatt, i ei tid der legetenesta står overfor ulike typar utfordringar.*

Saksutgreiing

I notatet om oppfølging av rapport, dagsett 27.06.16 har rådmannen gjort greie for korleis rapporten har blitt følgt opp. Notatet er vedlagt saka.

Rådmannen har svara på alle tilrådingane i rapporten, og han vil kunne utdjupa sine svar i møtet. Utvalet må sjølv vurdere om rådmannen har følgt opp tilrådingane på ein tilfredsstillande måte.

I følgje Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 12 heiter det at:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandling av rapporter skal følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidlige saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Det ligg ikkje til utvalet å fastsetje kva måte administrasjonen vel å følge opp avvik/svakheiter på, då dette er rådmannen sitt ansvar.

Det blei sett ein frist på 10 månader frå kommunestyret fatta sitt vedtak og det er svara innan fristen.

Kontrollutvalet kan likevel melde vidare til kommunestyret dersom saker etter utvalet si meining ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Legetenesta» til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

Aksdal, 08.09.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

Tilbakemelding til Kontrollutvalet på revisjon av legekantoret

Rådmannen meiner det er ein fyldig og god rapport frå Rogaland Revisjon.

Presisering av legeårsverk. Det var budsjettert med 5 årsverk og 1 årsverk turnuslege i eininga Helse. 0,7 årsverk lege ved Suldal sjukeheim.

Sommaren 2013 hadde legekantoret utlysing på 1, 100 % stilling. Det var 2 kjende søkjarar og Suldal kommune valde å tilsetje begge 2. Ei viktig årsak var at kommunen ikkje ville risikera å mista gode fagpersonell som var kjende i kommunen, og dei tilsette hadde gitt uttrykk for stort arbeidspress. Meininga var då at den ekstra tilsette også kunne fungera som «vikar» ved fråvær, og ikkje ha så mange pasientar på si liste.

1. Tertial 2016 blei det ekstra årsverket som var meint å dekke fråvær, lagt inn i budsjett som fast stilling. Ved utgangen av 2016 vil 1 av legane gå av med pensjon. Me er allereide inne i prosess med å skaffe ny lege.

Institusjonslege er vanskeleg å rekruttera i, så kommunen valde å lya ut stillinga utan legevakt, dette var også ein føresetnad for å ta imot tilbod. Stillinga var på 0,8 årsverk, men 10 % blei tilført legekantoret for å dekke vikarar ved Suldal sjukeheim når legen er vekke.

Rapporten viste at det var 3 legar som er fritatt vakt. Det korrekte er at 1 lege ved legekantoret hadde fritak grunna alder, og 1 institusjonslege.

Samansetninga av legar har endra seg siden revisjonen. Pr i dag er det 7.7 årsverk legar totalt i Suldal kommune. Vaktbelastninga vil då vera 6 delt vakt + turnus, om alle er tilgjengelege. I SFS 2305 som er avtale mellom KS og Den Norske Legeforening viser ein til 4-delt vakt i ein kommune på vår storleik og at ein skal tilstreba 6-delt vakt.

Tilrådingar frå Rogaland Revisjon

BREMSA OG REDUSERA UTGIFTENE

- Dei støtste utgiftenen går til løn på legekantoret. Ved fråvær utover 16 dagar får legekantoret refundert 6 G for legane. Dette dekker ikkje løn til vikar.
- Ein må sjå på behovet for innleige, kan ein få til gode rutinar/prosedyrar som gjør at ein unngår mest mogleg vikar? Ferie og fråvær blir avtalt med leiar som vurderer bruk av vikar
- Sjå på alle rutinar som skal redusera utgiftene. Rutinar er gjennomgått og det er fokus på innkjøp som blir godkjent av leiar ved Helse.
- Dei siste åra har det vore naudsaamt å kjøpa inn dyrt utstyr, det har vore forsømt over fleire år. Ein raknar med at frå nå av vil det bli holdt oppdatert/vedlikeholdt.

KONSULTASJONSTID

- Det er nå ulik lengde på konsultasjonar ved legekantoret, 15,20 og 30 min. Legane vurderer sjølv kva som er forsvarlig behandling og kor lang konsultasjon pasientane skal ha.

PASIENTKONTAKT

- Kommuneleiinga meiner det er legen som må vurdere fagleg kva som er det beste for pasienten, konsultasjon eller enkel pasientkontakt. Det er ulik praksis hos den enskilde lege. Einingsleiar ved Helse skal ha fokus på dette området og vera i dialog med legane om rutiner på kontaktype. Fleire enkle pasientkontaktar er nå bytta ut med kortare konsultasjonar.

REFUSJONAR FRÅ HELFO

- Det har vore ein gjennomgang av rutinar på takstar til Helfo. Legane er blitt betre til å sette rett taks. Dette kan ein sjå på inntening til legekantoret. Ved 1.Terital ligg inntening i balanse på refusjonar frå Staten. Suldal kommune har tidlegare fått opplæring frå Helfo med tanke på at legane skal kunne få auka kompetansen. Kommuneleiinga vil ha fokus på vidare opplæring på bruk av takstar.
- Ein må arbeide for at journalsystemet til legane implementere takstar automatisk. Viss dette ikkje lar seg gjø, må ein vurdere å gå over til anna journalsystem. Legane er ikkje nøgde med det programmet dei har i dag. Suldal legekantor gikk over til Infodoc i 2013 og det blei nytte ein god del midler på gjennomføringa.
- Det å byte journalprogram har medført ein god del tekniske vanskar/tidsbruk, spesielt i 2014. Det har betra seg mykje. Tekniske vanskar har gjort at Odin Kapital, som sender faktura for legekantoret, har ikkje fungert optimalt. Tiltak: Avdelinga har peika ut personar som spesifikt har ansvar for å levere inntektsfordeling og fakturajournal til kommunekassen. Det fører til betre oversikt og kontroll. Det vurderast også nytt faktuerings system. Verken legekantoret eller pasientar er nøgde med systemet
- Det er 2 personar på legekantoret som har fått spesielt ansvar for og sette seg inn i journalprogram. Dialogen går via dei til journalleverandør dersom det oppstår utfordringar eller innspel til forbetring. Dei har begge deltatt på kurs og ser viktigheten av å halde seg så godt oppdatert på programmet som mulig.

BUDSJETT

- Rådmannen har gått gjennom budsjettet for å sjå kva som er underbudsjettert og ev. kva som ikkje er lagt inn. Det er lagt inn kr.450.000 ekstra til vikar på legevakt. I tillegg er det lagt inn 1 årsverk inn i legetenesta.
- Kommunalsjef har budsjettregulert innan sitt område midlar til ny legevaktsbil. Det er nye krav til utrykningskjøretyg og Suldal kommune har inngått avtale om leasing av ny bil. Denne er dobbel så dyr som den førre, men midlane er tatt innanfor rammene.

STABILISERING AV TENESTA

- Fleire saker har endra seg positivt sidan revisjonen. Det er fleire årsaker til det:

- Det er vikar for alle legane som er i permisjon. 2 legar er ute i eit år grunna svangerskapspermisjon og sjukehuspraksis. Vikar er dekkja for sommaren.
- Siste året har Helseavdelinga hatt få utskifting av legar. Det er fleire pasientar som har formidla positive tilbakemeldingar. Den tydeligaste tilbakemeldinga er at dei unngår å byte lege. Lege og pasient blir betre kjende - langtids og alvorlig sjuke opplever auka grad av trygghet og kontinuitet.
- Det er lyst ut etter fast stilling for lege som går av med pensjon i desember 2016. Ingen søkjarar. Det blir vurdert å kjøpe lege ut frå formidlingsbyrå.
- Rådmannen meiner legekantoret er godt bemanna med legar pr. i dag. Einingsleiar saman med legane må finna gode rutinar på korleis ein dekke uventa eller venta fråvær. Det må lagas prosedyrar på kven som overtek arbeidet til fråverande lege og korleis ein ivareteke pasientane.
- Einingsleiar ved Helse ønskjer å gi tilbakemelding på viktigheten av å ta vare på, og behalda fast personale. Arbeidsmiljø og det å stilla opp for kvarandre opplevast også betre med stabilt personale. Me står betre rusta til å takla uforutsette hendingar som nå i sommar. Ferie avviklast samtidig som me har fråvær (sjukemeldte leger). Dagtid fungerer som regel alltid godt men det kan fort bli sårbart med tanke på vakt.

INTERNE ARBEIDSPROSESSAR

- Kommuneoverlege og einingsleiar arbeidar aktivt internt på legekantoret for å forbetra ulike prosessar. Rådmannen registrerer at det er blitt arbeidd mykje med dette allereie.
- Det er gjort fleire endringar dei siste månadane med tanke på informasjon om legetenesta og kor den er å finne. Informasjon er lagt ut på kommunen si heimeside. Det er sett opp info-skjerm på venterommet der aktuell info blir lagt ut – godt synleg for dei som sit på venterommet.

SAMARBEID MED KOMMUNELEIINGA

- Rådmannen ønskjer at det skal vera eit godt samarbeid med legekantoret. Det er faste møter med einingsleiar, og kommunalsjef har faste møter med kommuneoverlegen.
- Kommuneoverlege blir bedt om innspel til ulike saker innan helse- og omsorg.
- Kommuneoverlege og einingsleiar på Helse er med i prosjekt og arbeidsgrupper innan Framtidas omsorg.
- Kommunalsjef har gitt uttrykk for at ho ønskjer å delta på interne personalmøter.
- Suldal legekantor ønskjer å vera ein attraktiv arbeidsplass der god faglig kompetanse står sterkt. Det er viktig for kommunen å behalde dei legar me har og rekruttere gode nye legar. Rådmannen ønskjer å bidra til eit godt samarbeid med alle på legekantoret.

Sand, 27.juni 2016

Grethe Jæger Anglevik

Kommunalsjef

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	15.09.16	18/16
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	217	

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019

- Vedlegg:** 1. Retningslinjer for selskapskontroll 2016-2019 frå 2006
2. Overordna analyse – Plan for selskapskontroll 2016-2016

Bakgrunn:

Det går fram av kommunelova § 80 og forskrift om kontrollutval kap. 6 at det skal utarbeidast ein eigen plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal godkjennast av kommunestyret innan utgangen av fyrste året i kvar valperiode.

Planen vert vedteken av kommunestyret sjølv, som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Saksorientering:

Utvalet har engasjert Rogaland Revisjon IKS til å utarbeide analyse og framlegg til plan. Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 23.09.15, sak 18/15:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å laga ein overordna analyse av Suldal kommune som skal ligga til grunn ved utarbeiding av nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll etter valet hausten 2015.

Analysen skal leverast til kontrollutvalet sitt fyrste møte i 2016.

Forvaltningsrevisor vil i dette møtet presentere den overordna analysen for selskapskontroll og utkast til plan for selskapskontroll. Revisor vil gå igjennom analysen med vekt på dei områda/selskapa som dei har funne har høgast risiko når det gjelder vesentligheit og risiko for avvik.

Analysen er vedlagt saksdokumenta som vedlegg 2.

Analysen er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine egne vurderingar, skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekter i planen. Vurderingane skal ta omsyn til risiko og vesentligheit (kva konsekvens får eit avvik og kor sannsynleg er det at eit avvik vil oppstå), knytt til dei enkelte framlegga.

I 2012 gjorde sekretariatet framlegg om at vert lagt opp til gjennomføring av 2 - 3 prosjekt i løpet av dei neste fire åra. Det eine prosjekt gjaldt kommunen si eigarstyring/eigarstrategi, dei andre var Krisesenter Vest IKS og selskap som kommunen eig 100 % (aksjeselskap).

I perioden 2012-2016 blei det kun gjennomført selskapskontroll av Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS saman med dei andre eigarkommunane.

Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjer kva selskap som eventuelt skal bli gjenstand for kontroll og val av prosjekt.

Evaluering av retningslinjer

Suldal kommune sine retningslinjer for selskapskontroll trådde i kraft då kommunestyret slutta seg til desse i 2006. Dei er seinare blitt lagde fram for kommunestyret i 2009 og 2013. I følgje gjeldande retningslinjer pkt. 12 skal desse evaluerast samtidig med revidering av Plan for selskapskontroll. Retningslinjene følgjer saka som vedlegg 3.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det er behov for endringar eller tillegg, med unntak av *årleg* innsending av firmaattest i pkt. 10, som det blir gjort framlegg om blir tatt ut. Med dagens tilgong via Alltinn har informasjonstilgongen blitt betre sidan retningslinjene blei utarbeida i 2006.

Det som sekretariatet igjen vil innskjerpe, er selskapa si plikt til å sende innkallingar og sakspapira til sekretariatet ved utsending til representantskapsmøte, då nokre av dei små selskapa fortsatt ikkje har fått det inn i sine rutinar.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kontrollutval vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2019 med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3.

Retningslinjer for selskapskontroll i Suldal kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

Kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

Sekretariatet syt for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vert vidaresent til kommunestyret.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL
KOMMUNESTYRET:**

Suldal kommunestyret vedtar Plan for selskapskontroll 2016-2019 slik den ligg føre.

Retningslinjer for selskapskontroll i Suldal kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

Kontrollutvalet får delegert mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

Aksdal, 08.09.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

RETNINGSLINJER FOR SELSKAPSKONTROLL**SULDAL KOMMUNE**

Vedtatt av Suldal kommunestyre fyrste gang i 2006, vidareført i 2009 og sist vedteken 29.01.13, sak 04/13 og ny evaluering xx.xx.16, sak xx/16

1. Selskapskontroll vert gjennomført i tråd med Lov om kommuner og fylkeskommuner § 80 og forskrift om kontrollutvalg kapittel 6.
2. Selskapskontroll vert gjennomført i samsvar med gjeldande Plan for selskapskontroll som vedtatt i kommunestyret. Plan for selskapskontroll vert vedtatt av kommunestyret minimum ein gong kvar valperiode, og kan justerast oftare dersom dette er naudsynt.
3. Kontrollnemnda har ansvar for å sikra at selskapskontroll vert gjennomført i tråd med desse retningslinene.
4. Kontrollnemnda får delegert mynde til å kjøpa selskapskontroll i samsvar med den vedtatte planen og kan dessutan gjera mindre endringar i Plan for selskapskontroll dersom det er føremålstenleg og kostnadseffektivt (til dømes ved samordning med andre eigarkommunar).
5. Kontrollnemnda får delegert mynde til å avgjera om selskapskontroll skal omfatta rein eigarskapskontroll eller om kontrollen også skal omfatta forvaltningsrevisjon.
6. Kontrollnemnda rapporterer til kommunestyret om utført selskapskontroll. Rapportering skal gjerast etter gjennomført selskapskontroll i det enkelte selskap. Samlerapport om utført og igangsett selskapskontroll vert rapportert årleg gjennom kontrollnemnda si årsmelding.
7. Kontrollnemnda sitt sekretariat skal sørgja for at selskap som er aktuelle for eller omfatta av Plan for selskapskontroll får naudsynt kjennskap til kva selskapskontroll omfattar.
8. Innkalling med sakliste og sakspapir til representantskapsmøte og generalforsamling i selskap som er aktuelle for selskapskontroll skal sendast kontrollnemnda sitt sekretariat og kommunen sin valde revisor samtidig som innkalling vert sendt ut til dei faste medlemene av representantskapen og generalforsamlinga.
9. Kontrollnemnda avgjer sjølv korleis kontrollnemnda si deltaking på representantskapsmøte og generalforsamling skal gjennomførast. Kontrollnemnda kan samordna slik deltaking med andre eigarkommunar dersom dette er føremålstenleg.
10. Selskap som er aktuelle for selskapskontroll skal årleg senda kopi av oppdatert firmaattest til kontrollnemnda sitt sekretariat. Nyetablerte selskap sender kopi av firmaattest når denne føreligg. Selskapa skal også senda kopi av selskapet si årsmelding og revisorattestert årsrekneskap når denne føreligg.
11. Selskapskontroll vert gjennomført av den kontrollnemnda gir i oppdrag å gjennomføra selskapskontroll.
12. Disse retningslinene trer i kraft når kommunestyret har slutta seg til dei. Retningslinene skal reviderast ved endringar i lov eller forskrift og evaluerast samtidig med revidering av Plan for selskapskontroll.



OVERORDNA ANALYSE

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019

Selskapskontroll

Eierskapskontroll

Forvaltningsrevisjon

SULDAL KOMMUNE
AUGUST 2016

INNHOOLD

Denne analysen sine målgrupper er kontrollutvalet, andre folkevalde og administrasjonen i kommunen.

Analysen er eit offentleg dokument og skal vera tilgjengeleg òg for media og andre interesserte.

Det vert understreka at analysen er på eit overordna nivå. Nærare undersøkingar av vesentlegheit og risiko i selskapa til kommunen, kan medføra at òg andre tilhøve kjem fram.

Innhold.....	3
1 Innleiing	4
1.1 Heimel for selskapskontroll.....	4
1.2 Aktuelle organisasjons- og selskapsformer	5
1.3 Føremålet med selskapsdanningar og val av selskapsform.....	6
1.4 Selskap omfatta av selskapskontroll.....	7
1.5 Kommunale føretak, foreiningar og stiftelsar	8
1.6 Vesentlegheit og risiko i selskap eigd av kommunar.....	9
1.7 Metode for gjennomføring av analysen	10
1.8 Hyppigheit av selskapskontrollar.....	10
1.9 Selskap/verksemdar ikkje underlagt selskapskontroll	10
1.10 Lovendringar og trendar andsynes kommunale selskap	11
2 Selskapa sin vesentlegheit og risiko.....	15
2.1 Kommunen sine selskap	15
2.2 Heileigde aksjeselskap.....	16
2.3 Interkommunale selskap	16
2.4 Deleigde aksjeselskap	18
2.5 Andre selskapsformer	20
2.6 Indirekte eigarskap	20
3 Forslag selskapskontrollar.....	21
3.1 Utførte selskapskontrollar 2004-2015	21
3.2 Forslag selskapskontrollar 2016-2019	22

1 INNLEIING

1.1 HEIMEL FOR SELSKAPSKONTROLL

Oversyn over lovheimlar

Kontrollutvalet skal ut frå kommunelova § 77.5 sjå til at det vert ført kontroll med forvaltinga av kommunen eller fylkeskommunen sine interesser i selskap m.m. Det er innsynsrett i heileigde (fylkes)kommunale selskap jf. kommunelova § 80. Nærare reglar om selskapskontroll kjem fram av kontrollutvalgsforskrifta.


Kontrollutvalgsforskrifta § 13 (vår framheving)

Kontrollutvalet skal minst éin gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeida ein **plan** for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baserast på ein **overordna analyse** av kommunen eller fylkeskommunen sitt eigarskap ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar, med sikte på å identifisera behovet for selskapskontroll på dei ulike sektorane og med dei ulike selskapa. Planen skal vedtakast av kommunestyret eller fylkestinget sjølv som kan delegera til kontrollutvalet å gjera endringar i planperioden.

Selskapskontrollen i det einskilde selskap


Selskapskontroll delast i to komponentar (eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon). **Eigarskapskontroll** er den obligatoriske delen av selskapskontroll, jf. kontrollutvalgsforskrifta § 14.1. Den omfattar kontroll med forvaltinga av eigarinteressene til kommunen/fylkeskommunen, medrekna å kontrollera om den som utøver eigarinteressene gjer dette i samsvar med vedtak og føresetnader til kommunestyret/fylkestinget. **Forvaltningsrevisjon** er den frivillige delen av selskapskontroll, jf. kontrollutvalgsforskrifta § 14.2, og er nærare omtalt i den kommunale revisjonsforskrifta.

Figur 1 Lovheimlar for selskapskontroll



1.2 AKTUELLE ORGANISASJONS- OG SELSKAPSFORMER

Nedanfor har vi teke med ein figur som viser korleis kommunen kan velja å organisere si eiga verksemd. Organiseringa øvst gjeld kommunen som eineigar, medan organiseringa nedst omfattar fleire kommunar eller andre eigarar. Høvet til eigarstyring er sterkast til venstre i figuren, for så å falla bortover.



Figuren viser lovheimlar for dei aktuelle organisasjons- og selskapsformer. Etat /avdeling e.l. og institusjon er verksemder i sjølve kommunen. Etat/avdeling e.l. er den vanlege organiseringa i ein kommune. Institusjon er ei kommunal eining organisert med eige styre. Slike einingar er av meir samfunnsmessig karakter (til dømes skule, helseinstitusjon o.l.).

Etablering av kommunale føretak er ei avgjerd om korleis kommunen vil organisere si eiga verksemd og tenesteproduksjon på. Kommunalt føretak er ein organisasjonsform som er utforma med tanke på organisering av meir forretningspreget verksemd, men der det likevel er eit ønske om å knyta verksemda tettare opp til dei sentrale kommunale organa.¹ Føremålet med etableringa kan grunngevast i særlovgivning eller ønsket om å skilja ut utførarleddet.

Aksjeselskapsforma kan reknast godt tilpassa for verksemder som opererer i ein marknad med risiko- og konkurranseeksponering.

¹ Kommunalt føretak avløyste i si tid den gamle organisasjonsforma kommunal bedrift i kommunelova § 11.

IKS-forma kan reknast tilpassa for verksemder som handterer kommunale oppgåver i eigenregi for eigarane (deltakarar) og kor det elles ikkje er aktuelt med fortjeneste/utbytte (typisk verksemder som driv med kultur, idrett eller under sjølvkostregimet). Slike selskap vert gjerne oppretta når dette gjev ein effektivitet i tenesteproduksjonen til kommunane. Dersom det vert drive næring med fortjeneste/utbyttehøve i eit IKS, vil dette gjerne vera skilja ut i heileigde dotterselskap som er aksjeselskap.

Interkommunalt samarbeid gjeld selskap til løysing av felles kommunale oppgåver. Dette står to stadar i figuren. Dette skyldast at samarbeidet både kan vera ein del av kommunen eller eit eige juridisk selskap (IS). I kva grad eit interkommunalt samarbeid er eit eige juridisk selskap, avheng av selskapet sitt sjølvstende i tilhøve til kommunane.

Samvirkeføretak, samkommune og vertskommune er eigne organisasjonsformer. Samvirkeføretak er eigd og styrt av medlemmane som har nytte av den verksemda som vert drive. Det er særleg utbreidd innan detaljhandel, landbruk, bustad og fiskeri, men har vore lite brukt av kommunane. Samkommune er eit forpliktande samarbeid inngått mellom to eller fleire kommunar for å løysa felles oppgåver. Det er nesten ingen kommunar organisert som samkommune og organisasjonsforma er på veg ut. Den vart oppheva av Stortinget i april 2016. Dette skyldast arbeidet med kommunereforma der kommunesamanslåing vert sett på som eit betre alternativ enn samkommune. Vertskommune går ut på at fleire kommunar overlèt til ein bestemd kommune – vertskommune – å utføra oppgåver for desse kommunane. Vertskommune er ein del av kommunen.

Oppretting av foreiningar og stiftelsar har eitt eller fleire avgjorde føremål. Dette kan vera av humanitær, sosial, økonomisk eller anna art.

1.3 FØREMÅLET MED SELSKAPSDANNINGAR OG VAL AV SELSKAPSFORM

Dei fleste kommunale selskapsdanningar er eit resultat av ei fellessatsing av kommunane. Ofte vil det liggja fleire motiv til grunn for at kommunane etablerer eit føretak eller selskap, eller går inn som medeigar eller deltakar saman med andre.

Motiv for kommunen sin eigarskap i det einskilde selskap (selskapsdanninga) og val av selskapsform kjem fram av sakutgreiingane som i si tid vart utarbeidd. Det same gjeld motiva til kommunen for å gå inn på eigarsida i eksisterande selskap. Dette siste vil kunna vera aktuelt frå tid til annan. Eigarane står ganske fritt i val av selskapsform. Aksjeselskapsforma er likevel lovkrav/tilråding for ei rekkje typar verksemder (energiproduksjon, arbeidsmarknadsbedrifter og bompengeselskap).

Selskapsdanningane vert gjerne grunngjeve i fem ulike motiv. Vi har lista desse opp i tabellen nedanfor. Motiva for etableringa av selskap er likevel ofte samansette.

Tabell 1 Kommunane sine motiv for eigarskap

Motiv for eigarskap (kommunale selskap):

- Finansielt motivert (økonomisk utbytte/reduert økonomisk risiko)
- Effektivisering av tenesteproduksjonen (fellesløsningar)
- Samfunnsøkonomisk motivert (samfunnsøkonomiske resultat)
- Politisk motivert (posisjonera kommunen/regionen)
- Regionalpolitisk motivert (posisjonera regionen)

Etablering av dotterselskap

Dotterselskap vert gjerne etablert som følge av at ein ynskjer å skilja ut spesifiserte delar av verksemda, kor oppfølging med eigne rekneskapar og rapporteringar vert sett på som føremålstenleg. Eit anna tilhøve er at dette òg skal motverka kryssubsidiering. I tillegg kan det vera risikomessige og skatte-messige grunnar. Oppretting av dotterselskap vert gjort av morselskapet, men må vera heimla/tillate ut frå vedtekter/selskapsavtalar. Dette treng ikkje stå direkte. Det kan formulerast som at selskapet kan delta/investera i andre samarbeidspartnarar/selskap som har tilknytning til føremålet. Eigarane i morselskapet vil normalt ikkje godkjenna sjølve opprettinga.

1.4 SELSKAP OMFATTA AV SELSKAPSKONTROLL

Selskapskontroll omfattar alt kommunalt eigarskap som er organisert med heimel i andre lovar enn kommunelova og dessutan interkommunale samarbeid etter kommuneloven og som er eigne rettssubjekt. Inkludert er dermed aksjeselskap (AS), interkommunale selskap (IKS), samvirkeføretak (SA) og dessutan nemnde interkommunale samarbeid (IS). Samvirkeføretak er ikkje nemnt i kommunelova § 80 (sjå nedanfor) og dei er nok derfor så langt ikkje omfatta av innsynsføresegnene i kommunelova.

Utanfor rekkjevidda av selskapskontroll er kommunale føretak (KF), interkommunale samarbeid som ikkje er eigne rettssubjekt og vertskommunar. Slike verksemder vil likevel kunna kontrollerast som ein del av kommunen på same måte som etat /avdeling e.l. og institusjon. Heller ikkje foreiningar og stiftelsar er omfatta av regelverket om selskapskontroll. Det kan likevel vera innsynsrett her ut frå vedtekter eller gjennom vilkår for kommunale tilskot.

SELSKAPSKONTROLL AV HEILEIGDE OG DELEIGDE SELSKAP

Plikta til kontrollutvalet til å gjennomføra selskapskontroll vert ikkje påverka av eigarskapet sitt omfang eller av kven som er medeigare. Innhaldet til selskapskontrollen og omfang kan likevel påverkast av dette.

Det vert her vist til kommunelova § 80:

I interkommunale selskap, i interkommunale styrer² og i aksjeselskap der ein kommune eller fylkeskommune åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eig alle aksjar, har kontrollutvalet og revisor til kommunen eller fylkeskommunen rett til å krevja dei opplysningar som finnast påkravt for kontrollen deira, så vel frå selskapet sin daglege leier som frå styret og den valde revisor for selskapet. I den utstrekkinga det finst nødvendig, kan kontrollutvalet og revisoren til kommunen sjølv gjera undersøkingar i selskapet.

Vi kallar selskap ut frå kommunelova § 80 for **heileigde selskap**. Andre selskap kallar vi **deleigde selskap**. I deleigde selskap vil det òg vera andre typar eigarar (typisk private eller staten). I deleigde selskap kan det ikkje krevjast innsyn etter lovreglane. Dette gjeld uansett kor liten/stor eigardelane til dei andre eigarane er. I slike tilfelle må selskapskontrollen basera seg på innsyn i opne kjelder eller alternativt på eit utvida innsyn etter særskild avtale med dei andre eigarane. Innsynsrett kan ein sjeldan gong vera regulert i selskapa sine vedtekter.

1.5 KOMMUNALE FØRETAK, FOREININGAR OG STIFTELSAR

Foreiningar og stiftelsar³ er sjølveigde, og eigarstyring kan difor i prinsippet ikkje gjerast. Omgrepet «foreiningar» omfattar mange ulike typar av *samanslutningar. Felles for dei alle er at det ikkje er eitt eige lovverk som regulerer «foreiningsretten» eller dei juridiske spurnadene knyttet til slike foreiningar. For stiftelsar eit det utarbeidde eitt eige lovverk. I stiftelseslova § 7 er det avgjerder om stiftingstilsyn, som skal føra tilsyn og kontroll med at forvaltninga av stiftelsane skjer i samsvar med stiftelsen sine vedtekter og stiftelseslova. I vedtektene kan det avgjerast at stiftelsen skal ha andre organ enn styre og dagleg leiar, jf. stiftelseslova § 36. Her står det m.a. at desse organa kan få tildelt styresmakt til å velja/avsetta styremedlemmar, føra tilsyn eller vedta gransking av stiftelsen.

² Interkommunale styrer er her interkommunale samarbeid som er eige rettssubjekt.

³ Ein stiftelse kan vera ein alminneleg stiftelse eller ein næringsdrivande stiftelse. Næringsdrivande stiftelsar har næringsverksemd som føremål eller driv med næringsverksemd direkte eller indirekte, jf. stiftelseslova § 4. Eit legat er ikkje så ulikt ein stiftelse, men det er ikkje nokon selskapsform. Eit legat har som føremål å tildela middel frå ei pengegåve til personar som oppfyller bestemte kriterium.

1.6 VESENTLEGHEIT OG RISIKO I SELSKAP EIGD AV KOMMUNAR

- **Kor viktig er selskapet for kommunen sine målsettingar?**
 - Økonomisk bidragsytar til kommunen
 - Forvaltar store verdiar for kommunen
 - Leverer viktige kommunale tenester
 - Oppnår eit politisk mål for kommunen
 -
- **Kor stor risiko er det for at føremålet med eigarskapet ikkje vert nått?**
 - Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med vedtak og føresetnader til kommunestyret
 - Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med eigarstrategiane til kommunane og vedteken eigarstrategi for selskapet (for selskap som har dette)
 - Risiko for at den som forvaltar eigarinteressene til kommunen i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med vedtak og føresetnader til kommunestyret
 - Risiko for manglande politisk styring med oppgåver/tenester som vert utført av selskapet på vegne av kommunane
 - Risiko for at selskapet ikkje vert drive i tråd med lovar og reglar (m.a. lovreglar om offentlege anskaffingar, offentlegheit og arbeidsmiljø/HMS)
 - Risiko for manglande openheit/meiroffentlegheit om verksemda til selskapet
 - Risiko for at tenestetilbodet og dei leverte tenestene ikkje er tilfredsstillande
 - Risiko for at selskapet ikkje vert drive drives på ein økonomisk forsvarleg måte
 - Risiko for at svake driftsresultat, store budsjettoverskridingar eller store investeringar medfører redusert avkastning/utbytte, økte kommunale tilskot til drifta eller behov for kapitalinnskot

Det nemnast òg risikoar for rolleblandingar/inhabilitet, samhandlinga mellom selskap i konsern og tilknytte selskap, praktisering av sjølvkostreglar, skilje mellom sjølvkostdel og næringsdel (m.a. kryssubsidiering), større investeringar, deltaking i andre selskap og etablering av dotterselskap.

Her er det lista opp mange ulike typar risikoar. Dette er generelle risikoar. Risikoane i punkt 2 (tabellane) tek for seg konkrete risikoar som står i selskapa sine siste årsmeldingar, innspel frå rådmennene og ordførarane, informasjon frå den interkommunale eigarskapsgruppa⁴ og vår eigen informasjon. Men ved selskapskontroll av det ein-skilde selskap, vil alle risikoane vera aktuelle som problemstillingar.

⁴ Den interkommunale eigarskapsgruppa er administrativ og består av kommunane Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sandnes, Sola, Stavanger og Time, og dessutan Rogaland fylkeskommune. Administrasjonane/rådmennene har her eit løpande samarbeid. Samarbeidet legg til rette for ein koordinert eigaroppfølging av selskap med fleire eigarar, og bidreg til kompetanseoverføring knytt til prinsipp og retningslinjer for eigarstyringa til deltakarane. Eigarskapspolitiske problemstillingar vert diskutert, og det utarbeidast felles svar, brev og sakutgreiningar i saker på området. For selskap

1.7 METODE FOR GJENNOMFØRING AV ANALYSEN

Vi har gjennomført følgende prosess:

- Innhenta oversyn over kommunen sitt eigarskap (selskapa)
 - Dette gjeld både heileigde og deleigde selskap
- Utarbeidt oversyn over selskapa
 - Føremålet til selskapa (frå BR-registeret)
 - Selskapa sin vesentlegheit ut frå:
 - Vår vurdering av selskapa si betyding for kommunen
 - Innspel frå rådmennene og ordførarane
 - Risikomoment i selskapa ut frå:
 - Selskapa sine årsmeldingar for 2015⁵
 - Innspel frå rådmennene og ordførarane
 - Informasjon frå den interkommunale eigarskapsgruppa
 - Vår eigen kjennskap til risikoar i selskapa
- På dette grunnlag har KU satt opp forslag til selskapskontrollar (jf. punkt 3.2)

1.8 HYPPIGHEIT AV SELSKAPSKONTROLLAR

Alle selskap bør kontrollerast i løpet av ein viss periode for å sikra at dei helder seg til lovreglar (offentleglova, lovreglar om offentlege innkjøp og andre lovar som måtte vera aktuelle). Det same gjeld politiske vedtak og føringar for selskapa. Desse tilhøva er eit risikoområde når ein kjem langt nok ut eller bort frå kommunestyra/fylkestinga. I punkt 2 har vi lista opp alle selskapa til kommunen og i punkt 3.1 går det fram kva for nokon av desse selskapa som har hatt selskapskontrollar.

1.9 SELSKAP/VERKSEMDER IKKJE UNDERLAGT SELSKAPSKONTROLL

Som nemnt føre i punkt 1.4 er kommunale føretak, interkommunale samarbeid som ikkje er eigne rettssubjekt, vertskommunesamarbeid, samvirkeføretak, foreiningar og stiftelsar utanfor rekkjevidda av selskapskontroll. Kommunale føretak, interkommunale samarbeid som ikkje er eigne rettssubjekt og vertskommunesamarbeid vil kunna kontrollerast som ein del av kommunen på same måte som etat/avdeling e.l. og institusjon, medan foreiningar og stiftelsar kan kontrollerast dersom det er innsynsrett i vedtekter eller gjennom vilkår for kommunale tilskot.

Kontrollutvalet vil i planperioden ta nærare stilling til kva for selskap/verksemdar som her skal kontrollerast. Dette ligg under forvaltningsrevisjonen.

som kommunane eig saman, utarbeidast det forslag til felles eigarstrategiar. Forslaga vert utarbeidt i samråd med selskapa.

⁵ Spesielt styret sine kommentarar (om risikoar/utfordringar), dei økonomiske resultatane og revisor sine meldingar.

1.10 LOVENDRINGAR OG TRENDAR ANDSYNES KOMMUNALE SELSKAP

Foreslegne lovendringar har betydning for rammevilkåra til kommunale selskap.

NY KOMMUNELOV (HØYRING)

Det er på høyring ny kommunelov med høyringsfrist 06.10.16. *Lovutvalet har her kome med forslag til ein del endringar andsynes kommunale selskap.

Ny overordna regel og nye samarbeidsformer

Utvalet foreslår å ta inn ei overordna regel i lova (kapittel 17) som slår at fast kommunar kan samarbeida om å utføra felles oppgåver. Det vert òg foreslege to nye samarbeidsformer til erstatning for interkommunalt samarbeid etter § 27 i gjeldande kommunelov. Dette er regionråd (kapittel 18) og oppgåvefellesskap (kapittel 19). Regionråd skal vera politiske samarbeidsorgan som handsamar generelle samfunnsspørsmål på tvers av kommunegrensene i den regionen rådet representerer. Dei skal ikkje vera tenesteproduserande organ. Kommunale oppgåvefellesskap er berekna på samarbeid om enkelståande tenester. Modellane er meint å vera enklare samarbeidsordningar samanlikna med t.d. samarbeid etter lov om interkommunale selskap.

Lovkrav om eigarskapsmelding

Utvalet foreslår i kapittel 27 å innføra eit krav om at kommunane skal utarbeida eigarskapsmelding for verksemd som vert drive i selskap mv. Eigarskapsmeldinga skal utarbeidast minst éin gong i valperioden og skal òg omfatta kommunale føretak.

Kommunale føretak

Utvalet foreslår at medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret ikkje skal kunna veljast til styret i kommunale føretak. Dette for å unngå uheldige dobbeltroller.

LOV OM INTERKOMMUNALE SELSKAPER (IKS-LOVA) – ENDRINGSFRAMLEGG

Det har vore på høyring endringar i IKS-loven med høyringsfrist 20.02.15. Endringar er endå ikkje sett i verk.

Høyringsnotatet inneheld forslag om at IKS-ansvarsreglane til lova vert erstatta av nye reglar om be-grensa deltakaransvar. Vidare vert opna det for at interkommunale selskap kan takast under ordinær konkurshandsaming. Det vert òg foreslege andre endringar i IKS-lova som ein konsekvens av at det vert innført avgrensa ansvar, som nye reglar om selskapskapitalen og regler som skal styrkja vernet om kreditor når det uavgrensa ansvaret fell bort. Det vert foreslege å lovfesta eit krav om at interkommunale selskap skal ha ein forsvarleg eigenkapital.

Dei foreslegne endringane er ein konsekvens av å gjera tilpassingar til regelverket om offentleg støtte ved å sikra mest mogleg like konkurransevilkår mellom offentlege og

private aktørar som opptre i marknaden. KMD sin føretrekte løysing er å opna for at eit IKS kan gå konkurs, kombinert med at det det innførast avgrensa deltakaransvar, og dessutan kravet om at selskapet til kvar og ei tid skal ha ein forsvarleg eigenkapital ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet. Ved sin høyringsuttale ber KS departementet vurderer nærare om ikkje det er ei betre løysing å reservera IKS-forma for verksemdar som er av ikkje-økonomisk karakter.

OFFENTLIGHETSLOVEN/OFFENTLEGLOVA – EVALUERINGSRAPPORT

Det har vore på høyring evaluering av offentleglova med høyringsfrist 25.05.16 . Høyringsinstansane vart beden om å koma med innspel og kommentarar til evalueringsrapporten.

Til det vidare arbeidet med dette har KS Bedrift gjeve følgjande innspel til departementet⁶:

- Vi ber departementet gjera ei vurdering av om det enno er behov for at offentleglova gjeld for kommunalt eigde bedrifter.
- Dersom departementet vurderer det slik at offentleglova enno skal gjelda for kommunalt eigde bedrifter, ber vi om:
 - At ein ser nærare på om loven kan klargjerast, m.a. kva som ligg i at verksemda «hovudsakleg» driv næringsverksemd.
 - At departementet vurderer om det kan vera føremålstenleg med eit generelt unntak for dei minste offentleg eigde bedriftene.

NIBR (NORSK INSTITUTT FOR BY- OG REGIONFORSKNING) RAPPORT 2015:1

NIBR-rapporten om «Kommunale selskap og folkevalgt styring gjennom kommunalt eierskap» «foreslår m.a. å inkludera eigarskapsmelding og eigarstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel. Då vil eigarskapspolitikken gjennomgåast kvart år når kommuneplanen skal rullerast. Eigarskapspolitikken vil få ein forankring i breie politiske prosessar, der sakene vert lagd fram for sentrale politiske organ og rørde interesser, og dei vil vera offentlege.

følgje NIBR-rapporten viser forskning at administrasjonen har ein viktig støttefunksjon for at dei folkevalde skal kunna ivareta sina roller på ein god måte. Det vert tilrådt at kommunane utviklar kompetanse i det administrative apparatet knytt til den folkevalde eigarstyringa, både for utvikling av rutinar og prosedyrar, og for å følgja med på oppgåvene og verksemdene, og for å gje råd til folkevalde om eigarskapspolitikken.

KOMMUNALE SELSKAP SITT SAMFUNNSANSVAR

Samfunnsansvar handlar i hovudsak om å ta sosiale og miljømessige omsyn utover det som er lov-pålagt.

⁶ Justis- og beredskapsdepartementet.

Kommunale selskap forvaltar fellesskapet sitt verdiar. Dei leverer grunnleggjande tenester til innbyggjarane og er viktige kompetansemiljø i lokalsamfunna sine. Dette stiller krav til etisk og forsvarleg drift. Bedrifta må ha ein arbeidskultur som sikrar at ein følgjer lovar og regler og dessutan at ein drøftar etiske problemstillingar når dei oppstår.

Store selskap som følgjer rekneskapslova er i årsmeldinga pliktige til å ta med ei forklaring av korleis dei handterer samfunnsansvar. Selskapsansvar er gjerne òg ein av dei overordna eigarstrategiane til kommunane og dermed omtalt i eigarskapsmeldinga og eigarstrategien for det einskilde selskap (for dei selskap som har dette).

OFFENTLEG STØTTE (EØS-AVTALEN SIN ARTIKKEL 61) – SELSKAP

Offentleg støtte er direkte eller indirekte økonomiske fordelar frå det offentlege. Offentleg støtte er som hovudregel forbode, men det finst ei rekkje unntak. Bakgrunnen for forbodet er eit ønske om konkurranse på like vilkår, og støtte som verkar konkurransevridande eller proteksjonistisk er derfor forboden.

Gjennom næringspolitikken kan styresmaktene ta i bruk fleire typar verkemiddel. Dei kan t.d. legg til rette for næringsverksemd, sikre tilgang til kapital for delar av næringslivet og drive aktivt eigarskap. Ved alle desse tiltaka kan det offentlege koma i konflikt med regelverket om offentlig støtte. Det vert spesielt nemnt kapitaltilførslar, lån og garantiar til offentlig eigde selskap.

Stikkordet er elles kryssubsidiering, som tyder at middel vert flytt frå skjerma til konkurranseutsett verksemd. Det offentlege må treffa tiltak for å hindra at kryssubsidiering skjer.

Politikarar og administrasjonen bør tidleg stilla spørsmålet om ein planlagd støttetildeling er omfatta av regelverket om offentlig støtte, og i så fall, kva for høve og avgrensingar som finst.

OPS (offentleg privat samarbeid)

Næringslivet ønskjer ofte at styresmaktene går inn på eigarsida i større prosjekt for å kunna tiltrekka seg meir kapital enn dei er i stand til på den private marknaden. Det finst ulike typar samarbeid mellom offentlege og private organ, kor offentlig privat samarbeid (OPS) er eit døme. Samarbeidet kan medføra at eit selskap lettare kan etablere seg på ein marknad. Dermed får selskapet ein forretningsmessig fordel i tilhøve til andre firma som ønskjer å etablere seg på den same marknaden. Nyttan av samarbeidet kan dermed innebera ein økonomisk fordel for selskapet som må vurderast opp mot regelverket om offentlig støtte

Eigenregi/Offentleg-offentleg interkommunalt samarbeid

Det offentlege står fritt til å organisera verksemda si på den måten dei finn mest føremålstenleg for å løysa oppgåvene sine. Dei står fritt til å avgjera om dei vil bruka eks-terne leverandørar eller om dei vil bruka eigne ressursar. I det siste tilfellet seier ein at det offentlege utfører oppgåva/tenesta i eigenregi. Dette kan verta gjort åleine - eller saman med andre (fylkes)kommunar eller staten (offentleg-offentleg samarbeid). Det er her fleire måtar å organisera samarbeidet på. Ulike typar selskapsdanningar er nokon av dei. Støttereglene gjeld òg slike selskap dersom dei driv økonomisk verksemd, men det er unntak for lovreglane om offentlege anskaffingar når selskapet utfører oppgåvene/tenestene sine i såkalla eigenregi for eigarane. For at det skal vera eigenregi krevjast det at eigar (oppdragsgjevar) har kontroll med verksemda og at omsetnaden i all hovudsak skjer til eigarane. Private eigardelar uansett storleik gjer at eigenregi ikkje er mogleg.

KS SINE ANBEFALINGER OM EIERSTYRING, SELSKAPSLEDELSE OG KONTROLL

KS har sidan 2009 utarbeidd tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll. Siste versjon er frå november 2015 og inneheld 21 tilrådingar. Under kvar tilråding er det gjerne fleire tilhøve som vert teke opp og tilrådt. Tiltrådingane vert justert og revidert etter behov. Dei dekker i utgangspunktet område som ligg i ei gråson mellom lovregulering og etablert praksis. Tiltrådingane gjeld aksjeselskap (AS), interkommunale selskap (IKS) og føretak etter kommunelova kapittel 11. Men dei kan sjølvstøtt òg brukast/tilpassast ved andre selskapsformer.

Som ein del av selskapskontrollane ser vi på det som står i KS sine tilrådingar og korleis dette er følgt opp av eigarane og selskapet. Fleire kommunar har valt å ta inn tilhøvet sitt til tilrådingane i si eigarskapsmelding.

Dei tre tilrådingane som går på obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde, utarbeiding av eigarskapsmeldingar og dessutan eigarorganet sin samansetning og funksjon ser vi på samla for alle selskap tilhøyrande ein kommune ved såkalla eigarskapsforvaltningsprosjekt. Alle «våre» kommunar har nyleg hatt/vil snart ha eigarskapsforvaltningsprosjekt. Opplæring av og informasjon til folkevalde om eigarstyring og selskapsleiing kan òg gå føre seg i selskapa. Dei store og viktige selskapa har gjerne dette.

KOMMUNANE SIN STYREREPRÆSENTASJON

Etikkutvalet i KS har nyleg drøfta utfordringar til ein del etiske utfordringar og gjeve nokon råd knytt til kommunen sin rolle som eigar. Blant tilrådingane er at folkevalde ikkje bør sitja i styret for kommunalt eigde føretak og selskap og at kommunestyret bør kjenna til utfordringar som kan oppstå når folkevalde sit som styremedlemmer i desse.

2 SELSKAPA SIN VESENTLEGHEIT OG RISIKO

Det vert understreka at analysen er på eit overordna nivå. Nærare undersøkingar av vesentlegheit og risiko i selskapa til kommunen, kan medføra at òg andre tilhøve kjem fram. Vi viser til punkt 1.7 om vår metode for gjennomføring av analysen. Selskap som kan sjåast på som mindre vesentlege for kommunen og der risikoen synast liten, er berre lista opp i oversynet.

2.1 KOMMUNEN SINE SELSKAP

Kommunen har direkte eigarskap i 20 selskap. Analysen dreier seg mest om kommunen sine aksjeselskap og interkommunale selskap (17 selskap). Ein del viktige kommunale føremål/tenester ligg i desse selskapa. Analysen omfattar vidare det direkte eigarskapet (selskapa). Det vert ikkje teke med dotterselskap etc. Men dotterselskap etc. er inkludert ved ev. selskapskontrollar i morselskapa, jf. punkt 3.1 andre avsnitt og punkt 2.5. Det er i all hovudsak drift som er lagt i dotterselskap. Vi tek heller ikkje med selskap som kommunen måtte eiga som ein del av sin finansforvaltning (typisk aksjefond). Dette er kortsiktige aksjeplasseringar der eigarstyring ikkje er relevant.

Selskapa sin vesentlegheit

Føremålet til selskapa, og om selskapa er heileigde/tilnærma kommunalt heileigde, vil vera av betydning i kva grad selskapa kan sjåast på som vesentlege.

Meiningane om selskapa sin vesentlegheit vil gjerne kunna sprika alt etter kven ein spør. Til dømes administrasjonen til kommunen og politikarar, dei tilsette i selskapa, brukarane av selskapa og meiningar om dette elles. Same selskap vil dessutan kunna ha ulik vesentlegheit i den einskilde kommune.

Føremålet til selskapa

Føremålet til selskapa er skrive ned i føremålsparagrafane i vedtektene/selskapsavtalane og er felles for eigarane. Føremåla spenner over fleire typar verksemder, men dei er primært regionalretta. Det vert spesielt nemnt eigedomsutvikling, næringsutvikling, renovasjon, kulturføremål og arbeidsmarkedsbedrifter.

Det vedtektsfesta føremålet til selskapa er teke frå BR-registret. For Haugaland Vekst IKS, Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS, Ryfylke IKS, Ryfylke Miljøverk IKS og Haukelivegen AS har vi teke med eit utdrag frå føremåla.

2.2 HEILEIGDE AKSJESELSKAP

Selskap	Eigardel	Selskapet sitt føremål	Vesent- legheit	Risiko
Kommunekraft	0,30 %	Formidle aksjeeiernes disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive annen virksomhet tilknyttet slik formidling.		
Ryggjatun Eigedom	100,00 %	Drift og utleige av eigedom og andre aktivitetar som står i samband med dette.		I hvilken grad oppnår selskapet kommunens formål med selskapet?

2.3 INTERKOMMUNALE SELSKAP

Selskap	Eigardel	Selskapet sitt føremål	Vesent- legheit	Risiko
Haugaland Vekst	10,00 %	Selskapets formål er, på vegne av deltakerkommunene, å drive slikt nærings- og regionalutviklingsarbeid som ellers normalt ville bli utført av kommunene selv, dvs. samarbeid for å fremme og utvikle Haugesundregionen samt relevant lokalt næringsarbeid, i samsvar med avtale med den enkelte deltakerkommune.		I hvilken grad oppnår selskapet det næringspolitiske formålet?
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat	3,40 %	Formålet med selskapet er: 1. Tilby sekretariatstjenester til kontrollutvalget i deltakerkommunene og nærliggende kommuner. 2. Selskapet skal drives i balanse, slik at inntekter fra kommunene dekker kostnadene.		Sårbarhet i drift ved at det er få ansatte.
Interkommunalt Arkiv i Rogaland (IKA)	1,37 %	Selskapet skal arbeide for at arkivmaterialet fra deltakerne eller materiale som disse har ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengelig for offentlig bruk, forskning og andre administrative, juridiske og kulturelle formål, i samsvar med arkivloven. Selskapet skal tilby depotplass for deltakernes arkivmateriale, samt veilede deltakerne slik at de har tilfredsstillende oppbevaringsforhold for arkivmateriale. Selskapet skal i samråd med deltakerne arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtjenester hos deltakerne.		<p>IKA skal flytte sin virksomhet til felles Arkivenes Hus på Ullandhaug. At flyttingen faktisk gir økonomisk gevinst, og at samlokaliseringmulighetene hentes ut er sentralt fremover.</p> <p>Selskapet står også overfor betydelige økte oppgaver om kommunereformen resulterer i flere nye kommuner.</p> <p>Digitaliseringsstrategien og økt elektronisk arkivføring har direkte konsekvenser for selskapet.</p>

Rogaland Revisjon IKS

Krisesenter Vest	2,29 %	Selskapet skal, på vegne av eierkommunene, sikre etterlevelse av krisesenterlovas § 2 a), b) og c). Selskapet skal være et rådgivende organ for eierkommunene i etterlevelse av lovens § 2 d). Selskapet har ikke som formål å drive virksomhet som gir utbytte til eierkommune.		I hvilken grad oppnår selskapet kommunens formål og formålene i loven?
Ryfylke	20,00 %	Føremålet med selskapet er å styrkja regionen gjennom større grad av interkommunalt samarbeid med hovudvekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsprosjekt. Selskapet kan driva si verksemd dels i eigen regi og dels fungera som tilretteleggar for andre både offentlege og private verksemdar.		I hvilken grad oppnår selskapet det næringspolitiske formålet?
Ryfylke Miljøverk	18,12 %	Å løysa eigarkommunane sine oppgåver innan avfallshandtering på ein best mogeleg måte økonomisk, ressurs- og miljømessig. I arbeidet med desse oppgåvene skal det også takast omsyn til brukarane/innbyggjarane sine ønskje og interesser.		Primært selvkostvirksomhet (husholdningsavfall). Det er flere slike selskap i fylket.

Kommunestyret i Suldal har vedteke å gå inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS. Saka vert behandla av kommunestyra i dei andre deltakarkommunane i løpet av 2016.

2.4 DELEIGDE AKSJESELSKAP

I deleigde selskap vil det òg vera andre typar eigarar enn kommunar/fylkeskommunar (typisk private eller staten). I deleigde selskap kan det ikkje krevjast innsyn utan at dette vert avtalt med dei andre eigarane eller er vedtektsfesta. Det har i prinsippet ingen betydning kor liten/stor eigardelane til dei andre eigarane er.

Selskap	Eigardel	Selskapet sitt føremål	Vesentlegheit	Risiko
ByggOpp Rogaland	0,20 %	Koordinere og effektivisere opplæringsvirksomheten innenfor byggfagene samt beslektede fag. Et hovedmål er å gjøre det lettere for bedriftene å ta inn lærlinger og gi undervisning i hele opplæringsplanen. Skolering av voksen arbeidskraft i byggfagene samt beslektede fag ligger også innenfor opplæringskontorets formål.		
Gullingen Utviklingsselskap	3,66 %	Regulere, utvikle- og utbygge hytte- og fritidsområde rundt Mosvatnet ved Gullingen i Suldal kommune og hva som herved står i forbindelse, samt investering i andre selskaper.		Det er usikkert hvordan etterspørsel og priser for tomter blir i fremtiden.
Haukelivegen	2,80 %	Arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23.		
Lysefjorden Utvikling	1,60 %	Utvikle Lysefjorden som attraksjon og reisemål og bidra til næringsutvikling i og rundt fjorden samt hva hermed står i forbindelse, herunder å delta i andre selskaper med lignende virksomhet.		I hvilken grad oppnår selskapet det næringspolitiske formålet?
Norsk Bane	11,81 %	Planleggje og realisere eit høyfarts-banenett i Noreg og gjennomføre dei tiltaka som synest nødvendige for å kunne oppnå dette. Høyfartsbanen over Hauke-li er eit nøkkelelement. Selskapet kan selje jarnbanefagleg kompetanse.		
Reisemål Ryfylke	8,82 %	Utføre felles marknadsopplegg og å stimulere til produktutvikling for reiselivsnæringa i Ryfylke. Selskapet kan ellers delta i samarbeidstiltak og i forretningsmessige verksemd relatert til reiseliv.		I hvilken grad oppnår selskapet det næringspolitiske formålet?

RySteg	22,53 %	Produksjon og salg av varer og tjenester. I tillegg skal Rysteg AS bistå offentlige og private bedrifter med et opplegg for yrkesrettet attføring i samarbeid med arbeidskontorene. Rysteg AS skal søke å tilrettelegge for arbeidstrening og andre arbeidskvalifiserende tiltak. Attføringsvirksomheten er selskapets primære virksomhet.		<p>AMB bedrifter er inne i en betydelig omstilling. Det skal sentralt utredes nærmere hvor de ulike tiltakene skal plasseres og finansieres. Ordningen med avtaler om levering fra forhåndsgodkjente virksomheter for hhv. avklaring- og oppfølgingstiltak er nå omfattet av anbudskonkurranser etter LOA. Flere bedrifter har tappt anbud som følge av dette.</p> <p>Eierne må omstille virksomheten til en situasjon der oppdragene er betydelig mer konkurranseutsatt og risikoeksponert. Økonomiske nedgangstider i distriktet forsterker dette bildet.</p> <p>Det er mange slike bedrifter i Rogaland. En fusjon er ganske nylig gjennomført mellom to selskaper og hvor det også var inne et tredje selskap i prosessen. Hva kan innspares ved å slå sammen flere bedrifter?</p>
Suldalsposten	34,00 %	Å gje ut ei paripolitisk ubunden avis på nynorsk. Selskapet skal kunne drive handel og eiga eller på annan måte ta del i forretningsstiltak.		
Suldal Vekst	26,44 %	Bidra til utvikling av eit skapande og variert næringsliv i Suldal ved å yta tenester til verksemder, personar, organisasjonar og offentleg forvaltning. Selskapet skal ta initiativ til, og støtta tiltak som kan gi personar og verksemder i Suldal betre kompetanse. Selskapet skal òg bidra til utvikling av lokalsamfunnet ved eigneinitiativ eller ved å støtta andre sine initiativ.		I hvilken grad oppnår selskapet det næringspolitiske formålet?

2.5 ANDRE SELSKAPSFORMER

Selskap	Eierandel	Selskapets formål	Vesentlighet	Risiko
Biblioteksentralen SA	-	Være et serviceorgan for alle typer offentlige biblioteker. Biblioteksentralen har til oppgave å være hovedleverandør av produkter og tjenester til biblioteker og lignende institusjoner. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere virksomhet med det formål å betjene det totale bok-, informasjon- og kunnskapsmarkedet. Biblioteksentralen skal drives etter vanlige bedriftsøkonomiske prinsipper, slik at det skapes økonomisk trygghet og utviklingsmuligheter og slik at andelseiernes interesser ivaretas på beste måte.		
KLP Kommunal landspensjonskasse (gjensidig forsikringselskap)	-	Selskapet skal ivareta medlemmenes behov for tjenstepensjonsordninger. Selskapet kan også enten selv eller gjennom deltakelse i andre selskaper tilby andre pensjons- og forsikringsprodukter, og kan delta i eller drive enhver virksomhet som naturlig henger sammen med forsikringsvirksomhet og enhver annen virksomhet som er tillatt for livsforsikringsselskaper, herunder administrasjon og forvaltning av pensjonskasser.		
Ryfylke Friluftsråd IS	1/11	Friluftsråd (Friluftsrådets oppgaver er å sikre friluftsområder og tilrettelegge områder av forskjellig slag til allmenn bruk for medlemskommunenes befolkning)		

2.6 INDIREKTE EIGARSKAP

Indirekte eigarskap er når kommunen sine selskap har eigardeler i andre selskap (datterselskap, dotterdatterselskap, tilknytte selskap etc.).⁷ Kommunen sine selskap har lite av datterselskap mv.

⁷ Datterselskap og dotterdatterselskap er selskap som er over 50 % eid/kontrollert av eit anna selskap (morselskapet). Det vert vist til aksjelova § 1-3. Som tilknytte selskap vert rekna selskap der morselskapet har betydeleg innverknad. Betydeleg innverknad reknast normalt å finnast når morselskapet eig/kontrollerer minst 20 % av aksjane. Det vert vist til rekneskapslova § 1-4.

3 FORSLAG SELSKAPSKONTROLLAR

3.1 UTFØRTE SELSKAPSKONTROLLAR 2004-2015

Det er i perioden 2004-2015 utført selskapskontrollar (med forvaltingsrevisjon) i 3 av selskapa til kommunen. Ryfylke Miljøverk IKS har hatt to selskapskontrollar i perioden.

Ein selskapskontroll av eit selskap vil omfatta dette selskapet og heileigde dotterselskap. Andre dotterselskap og tilknytte selskap vil omtalast, men i utgangspunktet ikkje spesielt kontrollert. Dette kjem an på kva for ei drift/funksjon som er lagt i desse selskapa.

Tabell 2 Oversyn over utførte selskapskontrollar som gjeld Suldal kommune sine selskap^a
<p>Gjennomført av Rogaland Revisjon IKS:</p> <ul style="list-style-type: none"> • 2006: Ryfylke Miljøverk IKS • 2007: Ryfylke-kommunane IKS • 2011: Ryfylke Miljøverk IKS • 2013: Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS

KOMMUNEN SI EIGARSKAPMELDING

Kommunen utarbeider årleg eigarskapsmelding med overordna prinsipp for eigarstyringa og oversyn over selskapa. Siste versjon er frå 2015.

Det er ikkje utført eit eigarskapsforvaltningsprosjekt for kommunen. Eit slikt prosjekt omhandlar kommunen sin eigaroppfølging av alle selskapa til kommunen og er ein rein eigarskapskontroll.

^a Selskapskontrollar vart heimla i kommunelova frå 01.07.04. Kontrollane er vorte samordna med dei andre kommunale eigarane. Suldal var ikkje med på selskapskontrollen av Ryfylke-kommunane IKS og på den siste selskapskontrollen av Ryfylke Miljøverk IKS. Ryfylke-kommunane IKS endra i 2013 namn til Ryfylke IKS.

3.2 FORSLAG SELSKAPSKONTROLLAR 2016– 2019

Forslag vert sett opp av KU ved handsaminga deira av denne analysen.



Rogaland Revisjon IKS

Regnskapsrevisjon Forvaltningsrevisjon Selskapskontroll Andre tjenester

Rogaland Revisjon IKS

Lagårdsveien 78
4010 Stavanger

Tlf 40 00 52 00
Faks 51 53 40 03

www.rogaland-revisjon.no

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	15.09.16	19/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2016

Vedlegg: «Vurdering av oppdragsansvarleg revisor og oppdragsrevisor sitt sjølvstende overfor Suldal kommune» av 12.08.16 – frå Rogaland Revisjon IKS

Saksorientering:

Kommunelova § 79 og forskrift om revisjon (revisjonsforskriftene) kap. 6 (§§ 13 – 15) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd.

Forskriftene slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet. Ifølgje kommunelova § 79 skal den som gjer revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskriftene §§ 13 og 14 noe om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei grenser som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:

I følgje revisjonsforskriftene § 15 skal oppdragsansvarleg revisor årleg, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Sekretariatet har motteke vedlagde fråsegn, der revisor Cicel T. Aarrestad gjer greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i revisjonsforskriftene. Det går fram at det ikkje ligg føre noko som tilseier at revisor ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Suldal kommune. Fråsegna vert gitt på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men takast til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Suldal tar den framlagde eigenerklæring for 2016 frå oppdragsansvarleg revisor Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

Aksdal, 08.09.16


Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalgssekretær

Vår saksbehandler:

Vår dato:
12.08.2016

Vår referanse:

Side:
1 av 3

Til kontrollutvalet i Suldal kommune

Vurdering av oppdragsansvarleg revisor og oppdragsrevisor sitt sjølvstende overfor Suldal kommune

Lov- og forskriftskrav

Ifølge forskrift om revisjon (revisjonsforskrifta) § 12 skal den som er oppdragsansvarleg revisor for kommunar dokumentere god vandel. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør merknadane til nemnde paragraf. Vi vel samtidig å ta med vurdering av oppdragsrevisor sitt sjølvstende.

Ifølge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet kring eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Følgjande kjem fram av kommunelova § 79:

Den som utfører revisjon for ein kommune eller fylkeskommune kan ikkje ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen eller fylkeskommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei tilknytning til verksemda som vert revidert eller kontrollert, verksemda sine tilsette eller tillitsmenn, at dette er eigna til å svekke revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Som nærstående vert å rekne

- a) ektefelle og ein person som vedkommande bur saman med i ekteskapsliknande forhold
- b) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken, og deira ektefelle eller personar som dei bur saman med i ekteskapsliknande forhold og
- c) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken til ein person som nemnd under bokstav a.

Det same gjeld dersom det finst særleine tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisor sitt sjølvstende og objektivitet ved utføring av oppgåvene. Tilsetting som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i ei interkommunal samarbeidsordning, medfører ikkje i seg sjølv at revisor manglar naudsynt sjølvstende og objektivitet.

Krava til sjølvstende er nærare spesifisert i revisjonsforskrifta § 13.

- Revisor kan, jamfør forskrifta, ikkje ha andre stillingar hos kommunen eller fylkeskommunen eller i verksemd som den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen deltek i, ved sidan av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikkje vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen eller fylkeskommunen deltek i.
- Revisor kan ikkje delta i, eller ha funksjonar i anna verksemd når dette kan føre til at vedkommande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som utfører revisjon.

I tillegg gjeld følgjande avgrensing ved utføring av oppgaver, jamfør revisjonsforskrifta § 14:

- revisor kan ikkje utføre rådgjeving eller andre tenester dersom dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sitt sjølvstende og objektivitet
- revisor kan ikkje gje tenester som høyrer til den revisjonspliktige sine (dvs. kommunen sine) eigne leiings- og kontrolloppgåver
- revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, med unntak av bistand i skattesaker etter domstollova.

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av sjølvstende

Pkt 1: Tilsettingstilhøve	<i>Underteikna har ikkje tilsettingstilhøve i andre stillingar enn i Rogaland Revisjon IKS. Rogaland Revisjon IKS har avtale med Cicel T. Aarrestad, enkeltmannsføretak, org. nr. 962493785, som reviderer oppdrag etter revisorloven der IKS-et ikkje kan ha oppdraget. Selskapet leier tilsette i Rogaland Revisjon IKS iht. eiga avtale, slik at tilsette kan få relevant praksis og dermed sin autorisasjon.</i>
Pkt 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i verksemdar som Suldal kommune deltek i.</i>
Pkt 3: Å delta eller ha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i eller har funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til Suldal kommune slik at dette har betydning for sjølvstende og objektivitet.</i>

<p>Pkt 5: Rådgjeving eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet</p>	<p>Før slike tenester vert utført gjer ein ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i høve til revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderar med at utføring av slik teneste kjem i konflikt med vilkåra i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskild.</p> <p>Revisor gjev jamleg svar på spørsmål som vert å sjå som rettleiing og støtte og ikkje revisjon. Paragrafen seier at og slike rettleiingar må skje med varsemnd og på ein måte som ikkje bind opp revisor ved seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</p> <p><i>Underteikna har ikkje gjeve rådgjeving eller andre tenester til Suldal kommune som kjem i konflikt med dette vilkåret.</i></p>
--	--

Stavanger, 12.08.2016

Rogaland Revisjon IKS



Cicel T. Aarrestad

Revisjonsdirektør/
statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	15.09.16	20/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «PLEIE OG OMSORG»

Vedlegg: Pleie og omsorg i Suldal kommune - prosjektmandat frå Rogaland Revisjon av 25.08.16

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 26.04.16, under sak Ymse:

Under føresetnad om at kommunestyret vedtek Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 vil kontrollutvalet be Rogaland Revisjon utarbeida framlegg til mandat for revisjon innan området «Pleie og omsorg». Mandatet vert lagt fram til drøfting/vedtak i fyrste møte i kontrollutvalet over sommaren.

Rogaland Revisjon IKS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektmandatet som er vedlagt saka. I utkastet er aktuelle problemstillingar i samband med ein forvaltningsrevisjon av «Pleie og omsorg i Suldal kommune» gjort greie for.

Rogaland Revisjon IKS vil gjennomføra prosjektet hausten 2016, for venteleg å levera rapport på nyåret 2017. Prosjektet er kostnadsrekna til eit arbeidsforbruk på ca. 200 timar. Det er budsjettert med ei ramme for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll på inntil ca. 400 timar i 2016, og det same i budsjettframlegget for 2017.

Kontrollutvalet kan komme med eigne innspel eller presiseringar til dei føreslåtte problemstillingane dersom utvalet ønskjer det.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Pleie og omsorg i Suldal kommune» i fylgje vedlagte prosjektmandat/ med desse endringane:frå Rogaland Revisjon IKS. Ramma for prosjektet vert sett til 200 timar.

Aksdal, 08.09.16


Odd Gunnar Høie
Rådgevar/utvalssekretær

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Suldal kommune	Utarbeidet dato/sign.: 25.08.2016/skv	År: 2016
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 26.08.2016/BEM	Side: 1 av 3
Sak: Pleie og omsorg - Mandat		

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 29.08.16
Journalført: 16/292/epk
Arkivkode: 216

Bakgrunn

I møte den 26.04.16 ba kontrollutvalet Rogaland Revisjon om å utarbeide framlegg til mandat for 2016 forvaltningsrevisjon innan pleie og omsorg.

I plan for forvaltningsrevisjon har temaet første prioritet. Punkter frå planen:

- Kommunen har mange plassar i institusjon og heildøgnsbemanna bustadar, og kostnadene per institusjonsplass er høge.
- Det er mange innbyggjarar som får pleie og omsorgstenester i Suldal.
- Hjelp til sjølvhjelp – korleis arbeider ein med dette?
- Er det samsvar mellom kvalitet og ressursbruk?
- Har kommunen avlastningstilbod og dagtilbod som er effektive og gode nok?

Eit anna trekk er at kommunen har mange ledige plassar både i institusjon og omsorgsbolig, og at ein finn ledige plasser i alle einingane. For kommunen blir det ein utfordring å effektivisere drifta samstundes som ein skal ta geografiske omsyn for dei enkelte distrikta.

Suldal kommune har høge frie inntekter, og det er då ikkje overraskande at ein har høge kostnader på nokre av tenesteområda. Spørsmålet ein då må stille er om dette er resultat av politiske vedtak og prioriteringar eller om «det berre har blitt slik».

Som mange andre kommunar, ønsker og Suldal å vri meir av ressursinnsatsen mot heimetenester og tidleg innsats, for å leggja til rette for at innbyggjarane bur heime lengst mogleg. Dette vil kunne redusere pleie- og omsorgsutgiftene

Som i mange andre kommunar vil talet på innbyggjarar mellom 67-79 auke kraftig. Samstundes vil talet på dei over 80 gå ned. Dette kan bety at behova for pleie- og omsorgstenester vil bli mindre i åra framover. Men det kan og bety at behova for førebyggjande omsorgstenester aukar noko. Dette kan skapa eit godt utgangspunkt for ein omstillingsprosess framover, til dømes med sikte på å stimulere brukarane til å bu lengre heime på eigen hand.

Eit anna sentralt tema i plan for forvaltningsrevisjon er *Effektivisering og forenklingar*, der ein mellom anna spør korleis kommunen kan førebu seg på ein situasjon med dårlegare økonomi. Her spør ein og om ein kan effektivisera og forenkla det administrative apparatet.

Eit slikt prosjekt vil kunne ha ulike innretningar. Ein vil til dømes kunne velje ut ein sektor slik at ein kjem djupare inn i materialet. Ut frå det som er nemnt over er det nærliggjande å sjå nærare på pleie- og omsorgssektoren, og bruke den som eit case som kan vise kostnadsnivå- og drivarar og vurdere effektiviserings- og forbedringspotentialet.

Føremål

Føremålet med prosjektet er å sjå nærare på tenestekvalitet og ressursbruk i pleie og omsorgssektoren, kva som er dei viktigaste kostnadsdrivarane, og på kva for effektiviseringspotentiale som finns.

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Suldal kommune	Utarbeidet dato/sign.: 25.08.2016/skv	År: 2016
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 26.08.2016/BEM	Side: 2 av 3
Sak: Pleie og omsorg - Mandat		

Problemstillinger

- Korleis er kvaliteten på pleie- og omsorgstenestene i Suldal, samanlikna med andre kommunar?
- Er det samsvar mellom kvalitet og ressursbruk?
- Kva er dei viktigaste kostnadsdrivarane innan pleie- og omsorgssektoren? Aktuelle faktorar å sjå nærare på kan vera (ikkje uttømmende):
 - Kostnadsdrivarane for institusjonstenester
 - Terskler for tildeling av heimetenester/pleie- og omsorgstenester
- Kva for eit effektiviseringspotensiale finns på denne sektoren?
- I kva for ein grad er det mogleg å effektivisere pleie- og omsorgstenestene utan at dette går nemneverdig utover tenestekvaliteten?

Revisjonskriterier

Revisjonskriteriene er element som inneheld krav eller forventningar, og vil bli brukt til å vurdere funna i dei undersøkingane som vert gjennomført. I dette prosjektet kan følgjande kjelder til revisjonskriterier vere aktuelle:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Kommunen sine mål og planer for pleie- og omsorgssektoren.
- Samanlikningar med andre kommunar, til dømes kvalitetsindikatorar i KOSTRA-statistikken.
- Føringer for tenestetildeling.

Dei endelege revisjonskriteriene vil bli utleda undervegs i prosjektet.

I dette prosjektet har ikkje alle problemstillingane revisjonskriterier. Dette heng saman med at prosjektet har ein utforskande eller undersøkjande tilnærming.

Metode

Første del av prosjektet vil vere ei kartlegging av kvalitet- og kostnadsbiletet for pleie- og omsorgstenestene i kommunen, med særleg vekt på dei viktigaste kostnadsdrivarane innan pleie- og omsorgstenestene. I denne fasen vil prosjektet også sjå nærare på korleis Suldal kommune kjem ut på objektive kvalitetsindikatorar, samanlikna med andre.

Det vil og være aktuelt å sjå nærare på korleis kommunen kjem ut på eventuelle brukarundersøkingar, viss dette føreligg. Kontakt med eldreråd, brukarorganisasjonar eller liknande vil vere aktuelt.

Dersom det føreligg spesifikke kvalitetskjenneteikn med pleie- og omsorgstenestene i Suldal vil vi sjå nærare på dette. Døme på dette kan være kort ventetid på institusjonstenestar, høg bemanningsfaktor, stort aktivitetstilbod etc.

Det bør og leggjast til at det er vanskeleg å måle kvaliteten på ei teneste der mykje av kvaliteten skjer i møtet mellom brukar og tenesteutøvar. Det er også slik at kvalitet i kommunale tenester som regel er eit produkt av den objektive eller faktiske kvaliteten og den subjektive opplevde kvaliteten. Den

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Suldal kommune	Utarbeidet dato/sign.: 25.08.2016/skv	År: 2016
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 26.08.2016/BEM	Side: 3 av 3
Sak: Pleie og omsorg - Mandat		

subjektive kvaliteten består igjen av den enkeltes forventningar til tenesta og den tenesta ein faktisk får (den objektive kvaliteten).

Spørsmålet om samanhengen mellom ressursbruk og kvalitet kan vere vanskelege å gje fullstendige svar på innanfor ramma av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt, men ein vil kunne gje nyttige innspel til ein framtidig prosess.

I prosjektet legg ein opp til dokumentanalyser, nøkkeltalsanalyser og intervju/gruppeintervju med nøkkelpersoner.

Omfang

Prosjektet vert utarbeida under leing av fagansvarleg forvaltningsrevisjon Bernt Mæland. Det vert lagt opp til tett samarbeid med representantar for kommunen.

Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analyse og rapportering er om lag 200 timer.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	15.09.16	21/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	150	

KONTROLL OG TILSYN – BUDSJETT FOR 2017 – UTVALET SITT FRAMLEGG

Vedlegg: Framlegg til budsjett for 2017

Saksorientering:

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i følgje forskrifta leggjast fram for kommunestyret samstundes som kommunen samla budsjett for 2017 vert vedteke.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter knytte til kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen si samla verksemd. Dette gjer at kontrollutvalet har eit forplikta ansvar for budsjett og regnskap tilsvarande det dei enkelte resultateiningane i kommunen har. Forskrifta pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget omfattar derfor **lovpålagte** oppgåver.

I rapport ”85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane” er det gjeve slik tilråding:

- ***Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.***

Forskrift om kontrollutval § 18 seier følgjande om budsjetthandsaminga:

Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets innstilling til kommunestyre”.

Budsjettet er delt inn i hovudpunkta: utgifter til kontrollutvalet, utgifter til kjøp av sekretariat- og revisjonstenester.

1. **Kontrollutvalet sine egne utgifter**

Utgiftene er vidareført nokolunde som i inneverande år. Godtgjersla til utvalsmedlemmene er justert i tråd med kommunen sitt reglement. Budsjettet legg til grunn at det vert fire eller fem møte neste år. Talet på medlemmer er fem, og møta er på rådhuset. Det er lagt opp servering av enkel møtemat. Det er også lagt inn midlar til å sende representantar til kurs/møte i nettverk for kontroll og tilsyn.

2. Sekretariatet

Suldal kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS og kjøper sekretariatene herfrå. Representantskapet vedtok budsjettet for 2017 i møtet 25.04.16, sak 6/16. Budsjettet er utarbeidet på bakgrunn av selskapsavtalen, der det går fram at det skal betalast ein årleg fast grunnsom og etter medgått timeforbruk basert på eigardel. Kostnadane for Suldal neste år er sett til kr 167.000, som er ei auke på 5 %. I prisen ligg all normal aktivitet i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, arkivhald m.m.

3. Revisjonskostnader

Regnskapsrevisjonen vert utført innanfor fastsette lovkrav og til ein fast pris med gjeldande leverandør. I anbudet var det lagt opp til opsjon for kjøp av timer til forvaltningsrevisjon og andre kontroller med inntil 400 timar. Revisjonsutgiftene blir vidareført som i inneverande år.

For å oppnå gode resultat av forvaltningsrevisjonsprosjekt/selskapskontrollar, og at dei er nyttige for kommunen, vert det naudsynt at dei økonomiske ressursane er tilstrekkelege.

Frå rapportena "**85 tilrådingar**" bør ein merke seg:

Kontrollutvalet får oppdraget sitt og finansieringa si frå kommunestyret. Kontrollutvalet har fått ei rekkje oppgåver i lov og forskrift, men det er kommunestyret som er ansvarleg for dei økonomiske rammene for eigenkontrollen, ikkje kontrollutvalet.

Arbeidsgruppa viser til at kommunestyret gjennom det overordna ansvaret, behandlinga av saker frå kontrollutvalet og fastsetjinga av budsjettet til utvalet set dei avgjerande grensene for kor god eigenkontrollen blir i kommunen. Der kommunestyret har teke ei avgjerd i strid med innstillinga frå kontrollutvalet, er det kommunestyret som har ansvaret, ikkje kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt samla budsjettframlegg

For oversyn over budsjettforslaget for 2017, sjå eige vedlegg. Kommunen betaler meirverdiavgift på kjøp av tenester frå revisor. Desse vert refundert, slik at denne posten skal gå i null. Det blir her sett opp eit samla budsjett på kr 1.030.000 eksklusiv mva for kontroll og tilsyn for 2017.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret. Forskrifta pålegg difor kommunen å sørgja for at kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret, slik at dette forslaget er kjent for kommunestyret når totalbudsjettet skal handsamast.

Sekretariatet forutset at **dersom** det skjer ein reduksjon i budsjettframlegget skal det skje av formannskap/kommunestyre i tråd med forskriftene og ikkje av administrasjonen. Dersom kommunestyret vedtar endringar i kontrollutvalet sitt budsjettframlegg må dette meldast til kontrollutvalssekretariatet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL INNSTILLING:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Suldal kommune for 2017 vert på i alt **kr 1.030.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	263.000
Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)	kr	167.000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	600.000
Totalt	kr	1 .030.000

Aksdal, 08.09.16

Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

BUDSJETT 2017
KONTROLL OG TILSYN - SULDAL KOMMUNE

ART I KOSTRA	TEKST	UTVALET	SEKRE- TARIAT	REVISJON	BUDSJETT 2017	UTVALET SITT BUDSJETT 2016	Merk nader
80	Godtgjersle leiar	45 500			45 500	40 000	
80	Godtgjersle medlemmene	109 000			109 000	95 000	1
080	Tapt arbeidsforteneste	10 000			10 000	10 000	
099	Arbeidsgjevaravgift	22 000			22 000	15 000	
0	Lønsutgifter	186 500	-	-	186 500	160 000	
115	Servering	5 000			5 000	5 000	
140	Annonsering	5 000			5 000	4 000	
150	Kurs og opplæring	50 000			50 000	50 000	
160	Skys og kostgodtgjersle	15 000			15 000	15 000	
195	Medlemskap og kontingenter	1 500			1 500	1 500	
1	Andre utgifter	76 500	-	-	76 500	75 500	
375	Kjøp frå Rogaland Revisjon IKS			600 000	600 000	650 000	2
375	Kjøp frå HKS IKS		167 000	-	167 000	159 000	3
	TOTALT	263 000	167 000	600 000	1 030 000	1 044 500	

Merknader:

1. Planlagt 4-5 møter i 2016 (27200 kr x 4 medl.)
2. Omfattar rekneskapsrevisjon, samt inntil 400 timar til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll eks. mva.
3. Omfattar sekretariatstenester for utvalet sine møte